



Høgskolen i Telemark

Rapport og planar (2010-2011)

Høgskolen i Telemark

**Fastsett av styret
24. februar 2011**

Innhald

| | |
|---|-----------|
| 1. Innleiing | 3 |
| 2. Resultatrapportering for 2010 og fullmakter | 9 |
| 3. Planar for 2011 | 46 |
| 3.1 Plan for verksemda i 2011 | 46 |
| 3.2 Plan for tildelt løyving for 2011 | 51 |

Vedlegg

- 1. Skjema for risikovurdering**
- 2. Evaluering av allmennlærerutdanninga ved Høgskolen i Telemark
- Oppfølgingsplan**
- 3. Evaluering av ingeniørutdanninga ved Høgskolen i Telemark
- Oppfølgingsplan**
- 4. Evaluering av førskolelærerutdanninga ved Høgskolen i Telemark
- Oppfølgingsplan**
- 5. Kartleggings skjema**

1. Innleiing

1.1 Om Høgskolen i Telemark

Høgskolen i Telemark (HiT) blei etablert 1. august 1994 gjennom samanslåing av tidlegare Telemark distriktshøgskole, Bø, Telemark ingeniørhøgskole, Porsgrunn, Telemark lærarhøgskole, Notodden/Rauland og Telemark sjukepleiarhøgskole, Skien.

HiTs fellesadministrasjon ligg i Porsgrunn. Mellom Porsgrunn og Rauland, dei geografiske ytterpunkta, er det 160 km.

HiT er den fjerde største av dei 23 statlege høgskolane i Noreg. Talet på registrerte, eigenfinansierte studentar hausten 2010 var 5 482. Det er ein auke på 341 frå året før.

HiT er inndelt i desse fire avdelingane (forkortingar, geografisk lokalisering og resultatmål for talet på 60-studiepoengseiningar i 2011 og 2010 fastsett av styret i parentes):

- Avdeling for allmennvitenskaplege fag (AF, Bø/Porsgrunn/utlandet, 1 450 (2011)/1 320 (2010))
- Avdeling for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning (EFL, Notodden/Porsgrunn/Rauland/Drammen, 1 384 (2011)/1 414 (2010))
- Avdeling for helse- og sosialfag (HS, Porsgrunn, 790 (2011)/760 (2010))
- Avdeling for teknologiske fag (TF, Porsgrunn, 620 (2011)/616 (2010))

Styret har på fagleg grunnlag oppretta grunneiningar (institutt) ved alle avdelingane i høgskolen.

Den faglege verksemda ved HiT er variert og omfattande. HiT kan tildele følgjande gradar, som gjev rett til tilsvarande tittel, og yrkesutdanningar, begge med normert studietid som oppgjeve:

Gradar:

- Høgskolekandidatgrad (normert studietid 2 år)
- Bachelorgrad (normert studietid 3 år)
- Mastergrad (normert studietid 2 år)
- Doktorgrad (normert studietid 3 år)

Yrkesutdanning:

- Grunnskolelærarutdanning (normert studietid 4 år)
- Faglærarutdanning (normert studietid 4 år)

HiTs første doktorgradsstudium (i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk) kom i gang hausten 2009. Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) vedtok same hausten å akkreditere eit andre doktorgradsstudium ved HiT innan økologi. Etter behandling i HiTs styre 28.10.10 fastsette Kunnskapsdepartementet (KD) ved brev 19.11.10 at studiet kan opprettast. Det startar opp hausten 2011. Revidert søknad om akkreditering av doktorgradsstudium i kulturstudiar er send NOKUT etter førebels tilbakemelding om at studiet ikkje kunne akkrediterast i si opphavlege form. Doktorgradsstudium i helsefremjande arbeid er framleis under utgreiing i høgskolen.

Hovudtyngda av den ordinære undervisninga ved HiT blir gjeven på dei faste studiestadene (Bø, Notodden, Porsgrunn og Rauland), men høgskolen tilbyr òg desentralisert førskolelærarutdanning i Drammen. Frå hausten 2003 har høgskolen hatt tilbod om allmennlærarutdanning i Drammen i samarbeid med Høgskolen i Buskerud, som har sagt opp samarbeidsavtalen på dette området. HiT er òg fagleg ansvarleg for ex.phil.-/ex.fac.-utdanning og for nokre andre fagområde i utlandet gjennom ein samarbeidsavtale med Gateway College. HiT har dessutan eit stadig aukande tilbod av tradisjonell og nettbasert fjernundervisning.

HiTs forskings- og utviklingsverksemd (FoU) treng framleis å styrkjast når det gjeld forskingskompetanse, forskingsleiing og forskingskultur, sjølv om fleire sterke forskingsmiljø hevdar seg relativt godt mellom dei statlege høgskolane i konkurransen om forskingsmidlar. Det kan t.d. nemnast at berre høgskolane i Oslo, Buskerud og Vestfold gjennom open konkurranse har fått større totaløyving frå Noregs forskingsråd (Forskringsrådet) til strategiske høgskoleprosjekt (SHP) i perioden 2002-2007 enn HiT (20,5 mill. kroner).

HiT kan vise til omfattande aktivitet og gjennomgåande gode resultat når det gjeld allmenn formidling.

HiT freistar medvite å styrkje og utvide samfunnsrolla si, og legg særleg vekt på samfunns- og næringsliv i Telemarksregionen. Høgskolen fører vidare fleire samarbeidsavtalar baserte på samhandling mellom høgskolen, næringslivet og regionale styresmakter. Gjennom eksterne referansegrupper som er knytte opp mot dei ulike avdelingane sine studieprogram, arbeider høgskolen for å gjere studieprogramma endå meir relevante. Arbeid med oppretting av eit felles råd i høgskolen for samarbeid med arbeidslivet (RSA) er sett i gang, jf. KDs tildelingsbrev til HiT for 2011.

Samarbeidsrelasjonane til andre høgare lærestader nasjonalt og internasjonalt er gode og omfattande. Mellom dei geografisk nærliggjande institusjonane har styret tidlegare peika ut Universitetet i Agder (UiA) som HiTs hovudsamarbeidspartnar. Dette samarbeidet blir ført vidare i samsvar med politiske styringssignal om meir samordning, betre arbeidsdeling og større fagleg konsentrasjon (SAK) i universitets- og høgskolesektoren (UH-sektoren) i Noreg.

Den internasjonalt orienterte verksemda ved HiT har fått auka vekt og omfang. Det er eit mål å få til endå betre samordning og integrering mellom utdanning og forskning på dette området.

HiT har etablert eit velfungerande støtteapparat rundt den faglege verksemda. Bibliotektenestene held høg kvalitet, IKT-infrastrukturen er solid og stabil, og den bygnings- og anleggsmessige standarden er i all hovudsak god. Det er likevel behov for større areal i Porsgrunn i takt med auka studenttal. Arealet blir no utvida gjennom eit særskilt kurantprosjekt i Statsbyggs regi. Byggeprosjektet femner om stort auditorium, utviding av biblioteket og fleire kontorarbeidsplassar, og vil venteleg vere avslutta til årsskiftet 2012/2013.

1.2 Rapportering om arbeidet i styret

Styret er HiTs øvste organ. Det er samansett av 11 medlemmer, av dei fem interne, fire eksterne og to studentar. Rektor er styreleiar. Høgskoledirektøren er styresekretær. Styret fastsette samansetjing, leiarstruktur og intern organisering av høgskolen 27.10.06 etter ekstern evaluering, eiga utgreiing og intern høyring.

Styret vedtok hausten 2010 at det på nytt skulle gjennomførast ekstern evaluering av HiTs organisering, styring og leiing. AGENDA Kaupang fekk oppdraget med å gjennomføre evalueringa, og evalueringsrapporten blei levert 28.05.11.

Med bakgrunn i denne rapporten og mottekne høyringsfråsegner fastsette styret 28.10.10 at det med verknad frå 01.08.11 skal innførast ei ordning med einskapleg leiing og åremålstilsett rektor ved HiT. Styret vil frå same dato ha like mange medlemmer med same fordeling mellom interne, eksterne og studentar som no, men med ein av dei eksterne medlemmene som styreleiar utpeika av KD. Rektor vil då vere styresekretær. Ut over denne endringa vil noverande organisering, styring og leiing i all hovudsak bli ført vidare. Styret si viktigaste grunngeving for ikkje å gjennomføre meir omfattande endringar no, er uvisse om utfallet av utgreiingsarbeid som er sett i gang om mogleg fusjon eller utvida samarbeid mellom HiT og UiA, jf. nærare omtale nedanfor.

Styret er klår over sitt store samfunnsansvar, og har i inneverande funksjonsperiode (frå 01.08.07) lagt sterk vekt på, og teke ei aktiv rolle i, det strategiske arbeidet i høgskolen, med gjeldande styringsprinsipp i staten (mål- og resultatstyring med integrert risikostyring/risikovurdering) som grunnlag for planlegging og oppfølging av verksemda. Sentrale tema har vore rullering av strategisk plan for perioden 2005-2009, fastsetjing av ny strategisk plan for perioden 2010-2014, arbeid med utviklingsliner for høgskolen dei næraste åra, institusjonelt nettverkssamarbeid, og gjennomgang av studieporteføljen med sluttrapport våren 2010. Styret har vore oppteke av fagleg profilering med nærare vurdering av utviklinga i høgde og/eller breidd, og av

omsynet til små og utsette fag (m.a. balanse mellom bachelor-, master- og doktorgradsstudium). Vidare har styret drøfta studiestadsutvikling, intern evaluering av HiTs nosituasjon, samarbeid mellom avdelingane internt i høgskolen, utvikling av universitetsfunksjonar og eksternt samarbeid med val av UiA som hovudsamarbeidspartnar.

Styret har halde eigne seminar som tillegg til dei ordinære styremøta. På styreseminar i Kristiansand hausten 2007 (med deltaking frå UiA), i Oslo våren 2008 (med deltaking frå Universitetet for miljø- og biovitenskap), i Bodø våren 2009 (med deltaking frå Høgskolen i Bodø) og i Åsgårdstrand hausten 2010 (med intern deltaking) har det strategiske arbeidet med utvikling av universitetsfunksjonar og institusjonelt nettverks-samarbeid blitt debattert.

Styret har merka seg tilbakemelding frå etatsstyringsmøte i KD 16.06.10 m.a. om strategiarbeidet, om realismen bak planane om å bli universitet innan 2016, om fagleg profil og gjennomgangen av studieporteføljen, om grunnskolelærerutdanningane, om tildelingane til HiT av forskingsmidlar frå Forskningsrådet og EU-systemet, om forskingspublisering, om bidrags- og oppdragsaktiviteten (BOA) og om kommersialisering av forskings- og utviklingsresultat (FoU-resultat).

Denne og tidlegare tilbakemeldingar frå KD har ført til at styret har fastsett strategiar og tiltak på områda der det er signalisert ønske om betring. Det er m.a. etablert to forskingsklynger innan prosess-, energi- og automatiseringsteknikk og kultur- og kulturpolitikkforskning for å skape meir robuste fagmiljø. Det er sett av strategiske satsingsmidlar til dei forskningstunge fagmiljøa og andre prioriterte fagområde. Det er fastsett retningslinjer for BOA, og det administrative støtteapparatet på dette området er gjennomgått. Det er etablert eit eige FoU-utval leia av rektor og eit eige utdanningsutval leia av prorektor for m.a. å styrkje den fagleg-vitskaplege forskings- og utdanningsleiinga. Vidare er det gjennomført ei grundig kartlegging av publiseringsaktivitetane, det er vurdert kva verkemiddel som kan fremje FoU-verksemda, og det er fastsett insentivordning for å auke den vitskaplege publiseringa.

Styret merkar seg at det har blitt betre resultat for HiT på fleire av dei omtalte områda i 2010 enn i 2009, og trur dette for ein del skuldast dei nye tiltaka. Dette arbeidet har elles langsiktig karakter med m.a. målretta oppbygging av kompetanse over tid som eit av dei viktigaste verkemidla.

Styret vedtok ny strategisk plan for HiT for perioden 2010-2014 på møte 25.11.10. Under prosessen fram mot endeleg produkt har høgskolen hatt nær og god kontakt med dei mest sentrale samarbeidspartnarane i regionalt samfunns- og næringsliv. Planen gjev m.a. følgjande styringssignal:

- HiT har universitetsetablering, eventuelt vidareutvikling av universitetsfunksjonane i Telemark, som mål, og skal realisere det gjennom samanslåing eller utvida forpliktande samarbeid med andre institusjonar.
- Det skal avklårast om det er aktuelt med meir forpliktande samarbeid eller fusjon anten med UiA eller med høgskolane i Buskerud, Vestfold og Østfold.
- Noverande studiestadsstruktur, inkludert Drammen, skal liggje fast til 2014.
- Det skal gjerast eit særleg løft for å vidareutvikle kompetansen i alle delar av høgskolen, og særleg innanfor primærverksemda (undervisning, forskning og formidling).
- HiT skal leggje stor vekt på kvalitetsarbeid, både i primærverksemda, i støttetenestene (administrasjon, bibliotek, drift og IKT) og i samarbeidet med Studentsamskipnaden i Telemark.
- HiT skal vere langt framme mellom dei høgare utdannings- og forskingsinstitusjonane når det gjeld å ta i bruk e-læring og ny teknologi innan primærverksemda og støttetenestene.
- HiT skal leggje vekt på nyskapande verksemd, og skal medverke til innovasjon og fornying i samfunns- og næringsliv.
- HiT skal ha ein tydeleg miljøprofil, og skal gjennom verksemda si skape medvit om og aktivt møte miljøutfordringane. Miljøprofilen skal vere integrert i arbeidet med utvikling av primærverksemda og støttetenestene.
- HiT skal delta aktivt i arbeidet med å fremje SAK i UH-sektoren i Noreg.
- HiTs fagprofil skal kjenneteiknast av to berande element, som er integrerte. Det eine er dei etablerte og planlagde doktorgradsprogramma og eksisterande studieprogram som støttar opp under desse. Det andre

er profesjonsutdanningar og andre yrkesretta utdanningar. Det skal leggjast til rette for utvikling av sterkare forskingsmiljø knytte til desse utdanningane.

- HiT skal arbeide aktivt for å få sin del av den venta veksten i talet på studentar. Målet for planperioden er minst 6 000 heiltidsekvivalentar. Auken i studenttalet skal følgjast opp med nødvendig utbygging av infrastrukturen ved dei ulike studiestadene.

Styret har drøfta universitetsambisjonane på fleire møte i 2010. Etter drøfting på styremøte 25.02.10, basert på omtalar av ulike utviklingsalternativ, og vedtak på styremøte 18.06.10, legg styret no til grunn at målet om universitetsetablering/etablering av universitetsfunksjonar i Telemark skal søkjast realisert gjennom utvida samarbeid eller fusjon med andre institusjonar. Styret ser at HiT ikkje har tilstrekkeleg fagleg og økonomisk berekraft til å etablere og drifte eit fullgodt universitet åleine.

I den samanhengen blei det i 2010 gjennomført sonderingar med både UiA og høgskolane i Buskerud, Vestfold og Østfold. Dei sistnemnde høgskolane viste til den pågåande fusjonsprosessen, og melde førebels tilbake at dei ikkje fann å kunne inkludere HiT i denne prosessen no. UiA uttrykte positiv vilje til å få spørsmålet om fusjon eller utvida samarbeid utgreidd. Etter grundige interne prosessar vedtok styret på møte 28.10.10 at det skal gjennomførast ei utgreiing om fusjon eller utvida samarbeid som eit felles prosjekt med UiA. Samtidig vedtok styret at det òg bør gjennomførast tilsvarande utgreiing med høgskolane i Buskerud, Vestfold og Østfold om desse høgskolane etter nye avgjerder opnar for dette. Slik positiv tilbakemelding har HiT ikkje motteke. Styret registrerer òg at KD har gjeve klårsignal om at fusjonsprosessen for dei omtalte høgskolane kan sluttførast.

Det einaste realistiske alternativet for HiT no er dermed fusjon eller utvida samarbeid med UiA. Utgreiingsarbeidet og –prosessen blir her gjennomført som planlagt med eit prosjekt organisert gjennom særskild oppnemnd styringsgruppe, referansegruppe og utgreiingsgruppe. Utgreiinga vil venteleg vere klår ved månadsskiftet mars/april 2011. Deretter blir det gjennomført høyringar ved begge institusjonane, felles styreseminar er planlagt 24.05.11, og ultimo juni vil HiTs og UiAs styre ta stilling til spørsmålet om vidare oppfølging. Styret ser det som avgjerande for fusjonsspørsmålet at utgreiinga kan vise til sannsynlege faglege vinstar og føremoner for begge institusjonane og for samfunnet rundt.

Styret slår fast at HiTs eige arbeid med finansiering av universitetsfunksjonane i Telemark går tyngre enn planlagt. Det fastsette målet om at det innan 01.06.10 skulle liggje føre ein modell for finansiering av meirkostnadene i oppstartfasen av universitetssetinga (fram til 2018) som det er semje om regionalt, førebels stipulert til 90 mill. kroner, blei ikkje nådd. Det blei heller ikkje målet om at eit etableringsfond på 40 mill. kroner skulle vere operativt innan 01.01.11. Styret behandla sak om status for arbeidet med finansiering 16.12.10. Styret tok då til orientering det faktum at berre sju av kommunane i Telemark på vilkår då hadde signalisert vilje til å bidra økonomisk til eit fond, i tillegg til Telemark fylkeskommune. Styret oppmoda leiinga om å invitere dei viktigaste samarbeidspartnarane i denne samanhengen til ein avklarande konferanse saman med fylkeskommunen. Det blir teke sikte på å halde slik konferanse våren 2011.

Arbeidet med studie- og forskingskvalitet har vore tema i fleire omgangar i styret også i 2010. Styret har såleis handsama og fastsett oppfølgingsplan for kvalitetssikring av utdanninga etter NOKUTs evaluering av HiTs kvalitetssikringssystem i andre syklus. Vidare har styret handsama eksterne og interne faglege evalueringar, m.a. av ingeniørutdanninga og førskolelærarutdanninga, og årsrapportar om læringsmiljø og studiekvalitetsarbeidet og av arbeidet i internasjonalt utval. Også i fleire andre saker har kvalitetsarbeidet vore deltema. Det gjeld t.d. søknad om godkjenning av etablering av doktorgradsstudium i økologi, oppretting av professorat, etablering og fagleg utvikling av nye grunnskolelærarutdanningar inkludert regionalt samarbeid på dette området, etablering og nedlegging av studieprogram, prioritering av og utvikling og samarbeid innan faglege satsingsområde, og prinsipielle og strategiske sider ved samarbeid med Gateway College og liknande aktørar.

Strategisk styring i samband med personal- og økonomiforvaltninga har stått sentralt ved behandling av saker om lokalsituasjonen ved HiT-Porsgrunn, leige av nye lokale i Bø, Drammen og Porsgrunn, personal-situasjonen, budsjettfordelingsmodell, årsrekneskap, budsjettframlegg, fordeling av tildelt budsjett med fastsetjing av resultatkrav, og langtidsbudsjett for perioden 2012-2016.

Styret har lagt vekt på å forvalte og disponere personalressursane og dei økonomiske ressursane effektivt og målretta slik at både KDs årlege resultatkrav blir oppfylde og langsiktige strategiar og utviklingsliner blir følgde.

Styret sørgjer òg for at det er balanse mellom faglege og administrative ressursar ved å fastsetje stillingsrammer for dei ulike driftseiningane kvart år. Dette har vist seg å vere eit godt verkemiddel for strategisk og økonomisk styring.

Styret er godt nøgd med at HiT i 2010 ikkje har motteke vesentlege kritiske merknader frå Riksrevisjonen, men er kjent med og støttar opp under leiinga sitt vidare arbeid for at høgskolen fullt ut skal etterleve regelverk for BOA, for offentlege innkjøp, og for tidsregistrering og dokumentasjon ved utbetaling av overtidsgodtgjersle.

Kort oppsummert meiner styret at HiTs strategiar og faglege utvikling er i samsvar med dei måla som er fastsette av KD og Stortinget. Styret er òg godt nøgd med det interne samarbeidsklimaet i styret som kollegium og med resultatata av eige arbeid.

1.3 Om resultatrapport 2010 og årsplan 2011

Rapport og planar (2010-2011), som med dette blir lagt fram, byggjer på retningsliner som er gjevne m.a. i KDs tildelingsbrev til HiT for 2010 og 2011 med tilhøyrande rapporteringskrav.

Resultatrapport 2010

Resultatrapporten for 2010 byggjer på HiTs årsplan for 2010 og på KDs rapporteringskrav. Når det gjeld resultatata HiT oppnådde i 2010, vil styret særleg framheve følgjande:

- Studentsøkninga var i 2010 samla sett tilfredsstillande og auka noko samanlikna med 2009. Styret merkar seg at det framleis er ein del variasjonar mellom fagområda, og meiner at den nasjonale rekrutteringa kunne ha vore betre, jf. her òg KDs tilbakemelding frå etatsstyringsmøtet 16.06.10.
- Det var registrert fleire studentar ved HiT hausten 2010 enn nokon gong tidlegare. Styret finn det særst positivt.
- Den samla studiepoengproduksjonen auka med 98 60-studiepoengseiningar frå 2009 til 2010. Studiepoengproduksjonen per student gjekk òg opp, frå 47,1 i 2009 til 49,2 i 2010. Samla sett blir dette vurdert som mykje tilfredsstillande.
- NOKUTs styre akkrediterte hausten 2010 nytt doktorgradsstudium i økologi. KD godkjende etablering av studiet, som startar opp hausten 2011. Dermed er HiT ein av berre to statlege høgskolar som har rett til å tildele doktorgrad på meir enn eitt område. Styret ser dette som eit uttrykk for HiTs faglege soliditet og kvalitet innan viktige satsingsområde, og for evna til å tenkje, satse og handle strategisk.
- Forskningsproduksjonen auka òg i 2010 (frå 55,9 til 80,5 publikasjonspoeng (førebeles)). Styret er tilfreds med utviklinga, men meiner at det framleis er eit betringspotensial her når ein samanliknar HiT med andre institusjonar i UH-sektoren.
- Arbeidet med internasjonalisering i høgskolen er i god utvikling. Aktivitetane aukar og breidda i aktivitetane er stor. Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande) auka frå 132 i 2009 til 150 i 2010. Styret er i all hovudsak nøgd med resultatata også på dette området, men meiner det er potensial for vidare vekst og utvikling. Styret viser elles til at det no er sett eige mål i årsplanen for 2011 for talet på utreisande studentar i tråd med styringssignalet i KDs tilbakemelding frå etatsstyringsmøtet 16.06.10.

- Innan formidling og samarbeid med regionalt samfunns- og næringsliv er aktiviteten framleis stor, og engasjementet er breitt og omfattande. Styret registrerer at omfang og resultat av BOA i all hovudsak er som for 2009. Styret meiner difor at potensialet framleis ikkje i tilstrekkeleg grad er utnytta, og vil også i framtida ha stor merksemd retta mot dette området.
- HiT fekk støtte til tre SAK-prosjekt i 2010 (økologi og vassmiljø (HiT/UiA), aldring og eldreomsorg (HiT/UiA) og forskarutdanning innan teknologi (HiT, UiA og UiS)). I tillegg kjem SAK-midlane til samarbeid om dei nye grunnskolelærarutdanningane i region Sørvest (HiT, UiA og UiS). Styret fastslår at alle prosjekta er sette i gang som planlagt, og at det i all hovudsak er tilfredsstillande framdrift.
- Det økonomiske resultatet for 2010 var mykje tilfredsstillande. Styret meiner at økonomistyringa i høgskolen er god og at økonomien samla sett er solid. Styret vil særleg peike på at årsresultatet var positivt også i 2010.
- Styret er elles tilfreds med at det blir lagt vekt på å sikre ein god intern kontroll i høgskolen. Det blir arbeidd aktivt med implementering av gode ordningar for risikovurdering, observerte veikskapar i økonomiforvaltninga blir tekne tak i, likestillingsarbeidet blir ført aktivt vidare, lærlingordninga blir nytta etter føremålet, arbeidet med etikk har stor merksemd, miljøleiving blir søkt integrert i høgskolens verksemd, forvaltninga av bygningar og lokale er god, føringar på IKT-området blir så langt råd er følgde opp, og HMS-arbeidet har tilfredsstillande vekt.

Årsplan 2011

HiT vil ha ein relativt stram budsjettsituasjon også i 2011. Løyvinga blir likevel sett på som noko romslegare enn i 2010. Hovudårsakene til dette er for det første at HiT hadde ein relativt stor auke i studiepoengproduksjonen frå 2008 til 2009. Dette medførte auka budsjetttramme i 2011 på om lag 8,9 mill. kroner. For det andre blei pensjonssatsen redusert frå 13,00 % i 2010 til 11,15 % per 1. januar 2011. Det tilsvarar om lag 4,5 mill. kroner i reduserte kostnader for HiT i 2011. Trass i dette har det vore nødvendig for styret å prioritere bruken av tildelt løyving sterkt ved den interne budsjettfordelinga for 2011 for å nå fastsette mål.

Årsplanen for 2011 har blitt utforma etter mal for målstrukturen for statlege høgskolar slik denne kjem til uttrykk i KDs tildelingsbrev av 17.12.10. Heile målstrukturen er dekt, inkludert verksemdsmål og styringsparameter fastsette av HiT. Under utarbeidinga av årsplanen har det òg blitt lagt vekt på oppnådde resultat for 2010 og HiTs eigne risikovurderingar. I planen er elles rammer og føresetnader som er spesifiserte i Prop. 1 S (2010-2011) lagde til grunn, saman med føringar i HiTs nye strategiske plan.

Årsplanen vil bli nytta gjennom budsjettåret som eit leiarverktøy i arbeidet med å nå strategiske mål for høgskolen. Det vil bli utarbeidd eigne delplanar/tiltaksplanar for HiTs fire avdelingar og for fellestenestene. Rektor og høgskoledirektøren har, kvar på sine område, eit overordna ansvar for at årsplanen blir følgd opp.

2. Resultatrapportering for 2010 og fullmakter

Sektormål 1

Universitet og høgscolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

Utdanning

Verksemdsmål 1.0 (eigendefinert)

Høgskolen i Telemark (HiT) har som ambisjon å få universitetsstatus innan 2016.

Eigendefinerte styringsparametrar:

- a) Innan 01.06.2010 skal det liggje føre ein regionalt omforeint modell for finansiering av meirkostnadene i oppstartsfasen av universitetsatsinga (fram til 2018), førebels rekna til ca. 90 mill. kroner. Innan utgangen av året skal eit etableringsfond på 40 mill. kroner vere operativt.
- b) Aktivitetane i universitetsprosjektet skal gjennomførast i tråd med fastsett prosjektplan.
- c) HiT skal få akkreditering og godkjenning av doktorgradsstudium i kulturstudiar og i økologi.
- d) HiT skal søkje Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) om akkreditering av doktorgradsstudium i helsefremjande arbeid.
- e) Det skal setjast av interne strategiske satsingsmidlar til planlegging og realisering av doktorgrads- og mastergradsstudia, i takt med ekstern finansiering.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

Styret for HiT har over lang tid hatt som ambisjon at høgskoleverksemda skal utviklast til universitetsnivå. I starten var ambisjonen å utvikle eit eige universitet i Telemark. Det blir stilt særst omfattande - og aukande - faglege krav til høgscolar som ønskjer å bli vurderte for rekategorisering som universitet. Det har difor vore ein føresetnad heile tida at det må hentast inn betydeleg ekstern finansiell støtte for å finansiere den faglege nivåhevinga som trengst for å nå målet om å bli universitet.

Ein gjennomgang av HiTs nøkkeltal for 2009 syner at HiT ikkje har den naudsynte faglege og økonomiske berekrafta til å realisere universitetsambisjonen åleine. Dette har blitt ytterlegare forsterka ved at det så seint som ved utgangen av 2010 ikkje har kome inn eksterne midlar frå regionen (ut over dei 10 mill. kroner som Telemark fylkeskommune har gjeve tilsegn om) til etablering av eit universitets-/ kompetansefond for å finansiere meirkostnadene ved universitetsatsinga i ein oppstartsfase. Det er heller ikkje i tilstrekkeleg grad gjeve forpliktande tilsegner om støtte til etablering av eit slikt fond.

Utviklinga i institusjonsstrukturen i UH-sektoren, og særleg i dei siste åra, går i sterkare grad enn tidlegare mot fagleg og finansiell konsentrasjon gjennom samarbeid og/eller fusjon mellom institusjonar. Slik konsentrasjon vil kunne skape meir robuste fagmiljø, som mellom anna kan bidra med innovasjon og kompetansebasert verdiskaping til nytte for regionalt samfunns- og næringsliv.

På denne bakgrunnen har styret for HiT gått bort frå ambisjonen om eit eige universitet i Telemark. Ei samla vurdering av potensielle samarbeidskonstellasjonar tyder på at det i dag er eit utvida samarbeid eller ein fusjon med UiA som peikar seg ut som det alternativet som i alle fall på kort sikt gjev størst fagleg utviklings-

potensial og raskast realisering av universitetsambisjonen. Eit eventuelt samarbeid/fusjon med for eksempel høgskolane i Oslofjordalliansen kan, slik situasjonen er, vanskeleg sjåast som eit aktuelt alternativ no.

På dette grunnlaget er HiT og UiA no i ferd med å gjennomføre ei felles utgreiing om eit utvida samarbeid eller fusjon mellom dei to institusjonane. Målet med utgreiinga er å gje eit best mogleg avgjerdsgrunnlag for realitetsbehandling av spørsmålet om eit framtidig samarbeid eller ein fusjon i dei respektive styra ultimo juni 2011.

Parallelt med dette utgreiingsarbeidet må arbeidet med universitetsfinansieringa vidareførast med full styrke for å gje ein best mogleg fagleg og økonomisk basis for eventuelle samarbeids- eller fusjonsforhandlingar med UiA.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a)

Innan 01.06.2010 skal det liggje føre ein regionalt omforeint modell for finansiering av meirkostnadene i oppstartsfasen av universitetssatsinga (fram til 2018), førebels rekna til ca. 90 mill. kroner. Innan utgangen av året skal eit etableringsfond på 40 mill. kroner vere operativt.

Meirkostnader knytte til utvikling av universitetsfunksjonar i Telemark er førebels stipulerte til 220 mill. kroner i perioden fram til full drift i 2018. Av dette vil høgskolen sjølv finansiere 130 mill. kroner ved auka inntekter og effektivisering. Det er naudsynt med regional finansiell støtte på 90 mill. kroner, til dømes fordelt slik:

| | |
|-----------------------------------|--|
| Telemark fylkeskommune: | 20 mill. kroner (10 mill. kroner er løyvd) |
| Kommunane i Telemark: | 60 mill. kroner |
| Finansnæringa og anna næringsliv: | 10 mill. kroner |

Styret drøfta i møtet i juni mellom anna finansieringa av universitetsfunksjonane i Telemark, og følgjande tre modellar for fordeling av finansieringa mellom kommunane i fylket vart lagde fram:

- Fordeling etter folketal
- Fordeling etter økonomisk løfteevne
- Vertskommunetillegg

Etter møtet i styret i juni vart det send søknader om støtte til alle kommunane i fylket. I søknadene blei det etter råd frå kommunane sjølve teke utgangspunkt i modellen basert på fordeling etter folketal. Så langt har åtte kommunar, på noko ulike premisser, gjeve positive signal om støtte til oppstartsfasen av universitetssatsinga. Legg ein til grunn fordelingsmodellen grunna på folketal, utgjer dette ei potensiell støtte på om lag 50 mill. kroner. Sju kommunar har gjort negative vedtak. Tre kommunar har førebels ikkje konkludert.

Målet om å ha eit operativt etableringsfond på 40 mill. kroner innan utgangen av 2010 blei såleis ikkje nådd.

b)

Aktivitetane i universitetsprosjektet skal gjennomførast i tråd med fastsett prosjektplan.

I korte trekk omfattar prosjektplanen for universitetssatsinga følgjande aktivitetar i prioritert rekkefølge:

- finansiering, og
- intern og ekstern forankring.

Det går fram av bokstav a) over at den lokale/regionale støtta ikkje har vore som venta, og at det planlagde etableringsfondet på 40 mill. kroner ikkje er operativt frå 31.12.10. Det er gjennomført møte mellom prosjektdirektør/rektor og alle institutta for å styrkje den interne forankringa av universitetssatsinga. Denne møteserien vert vurdert som nyttig. Det er òg gjennomført dialogmøte med regionale aktørar, noko som har

medverka til betre forankring i regionen. Dette arbeidet må først vidare og styrkjast innanfor ramma av den ordinære linjeorganisasjonen.

På dette grunnlaget vedtok styret i møte 17.06.10 å leggje ned universitetsprosjektet i den noverande forma. Samtidig vedtok styret at målet om å etablere universitet/universitetsfunksjonar i Telemark skal søkjast realisert gjennom samarbeid med andre institusjonar.

c)

HiT skal få akkreditering og godkjenning av doktorgradsstudium i kulturstudiar og i økologi.

HiT nådde målet om å få akkreditert og godkjent doktorgradsstudium i økologi i 2010. HiT sende i februar 2010 revidert søknad til NOKUT om akkreditering av doktorgradsstudium i kulturstudiar. NOKUT avsto å akkreditere dette doktorgradsstudiet fordi søknaden ikkje fylte krava i norsk regelverk til eit doktorgradsstudium. NOKUT meinte studiet det var søkt om, var ein hybrid mellom eit stipendprogram for kunstnarleg utviklingsarbeid og eit doktorgradsstudium. Ut frå dette blei det arbeidd ut ein revidert søknad, som blei send til NOKUT ultimo desember 2010. HiT har såleis ikkje nådd målet om å få akkreditert og godkjent doktorgradsstudium i kulturstudiar i 2010.

d)

HiT skal søkje Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) om akkreditering av doktorgradsstudium i helsefremjande arbeid.

HiT nådde ikkje målet om å sende søknad til NOKUT om akkreditering av doktorgradsstudium i helsefremjande arbeid i 2010. Doktorgradsstudium i helsefremjande arbeid er eit samarbeid mellom tre av HiTs avdelingar, og plandokumenta for studiet er under utvikling. Det er også slik at HiT per i dag ikkje har det faglege og økonomiske grunnlaget for å realisere alle planlagde mastergrads- og doktorgradsstudium. HiT vil difor også vurdere alternativt eit mogleg samarbeid med UiA om eit doktorgradsstudium i helsefremjande arbeid.

e)

Det skal setjast av interne strategiske satsingsmidlar til planlegging og realisering av doktorgrads- og mastergradsstudia, i takt med ekstern finansiering.

Dei strategiske satsingsmidlane gjeld tiltak som i all hovudsak stør opp under universitetssatsinga, m.a. realisering av mastergrads- og doktorgradsstudia. Samla sett blei det løyvd om lag 11 mill. kroner til desse tiltaka i 2010.

Verksemdsmål 1.1

Høgskolen i Telemark skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnet sitt behov.

| Styringsparametrar | Resultat | | | Ambisjonsnivå |
|---|----------|------|------|---------------|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
| a) Talet på førstevalssøklarar per studieplass | 1,4 | 1,4 | 1,3 | 1,4 |
| Styringsparametrar fastsette av høgskolen | | | | |
| b) Førstevalssøklarar i Samordna Opptak | 2234 | 2316 | 2431 | 2540 |
| c) Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) | 4669 | 4947 | 5048 | 5370 |

*Det er ei definisjonsendring frå 2011 frå talet på primærsøklarar til talet på kvalifiserte førstevalssøklarar.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

HiTs studieportefølje, som nyleg har vore gjennomgått, har ein god balanse i breidd og høgd med innslag av profesjonsutdanningar, andre tverrfaglege yrkesretta utdanningar og disiplinorienterte studium som dekkjer dokumenterte kompetansebehov i regionalt og nasjonalt samfunns- og næringsliv.

Som det går fram av tabellen over, har HiT oppfylt, eller nesten oppfylt, dei aktuelle resultatmåla. Ikkje minst har studenttalet hatt ei god utvikling, sjølv om det er ein del variasjonar mellom fagområda. Den nasjonale rekrutteringa til HiT kunne ha vore betre. Samla sett meiner likevel HiT at verksemdsmålet i all hovudsak blei nådd.

Utviklinga dei siste åra har vist at HiT taper marknadsdelar i høve til våre geografisk nære institusjonar. Men i 2010 fekk HiT ein auka marknadsdel. Dette er positivt, ikkje minst sett i lys av nedgangen nasjonalt i talet på førstevalssøkjjarar gjennom SO. Utfordringa for HiT blir difor å halde fram med å framheve det gode studietilbodet og samstundes bli flinkare til å formidle fordelane med å leve og studere utanom dei større byane.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a)

Talet på kvalifiserte førstevalssøkjjarar per studieplass skal vere minst 1,50.

Ei forklaring på nedgangen i primærsøkjjarar per studieplass er at HiT har hatt ein auke på 202 studieplassar frå fjoråret. Auken i talet på førstevalssøkjjarar var ikkje stor nok til at dette høvetalet auka. Men HiT hadde likevel ein gledeleg auke i talet på kvalifiserte førstevalssøkjjarar per studieplass, slik den nye definisjonen frå og med 2011 av styringsparameteren legg vekt på.

b)

Eigendefinert: Førstevalssøkjjarar i Samordna Opptak skal vere minst 2 500.

Søkinga på landsbasis til høgare utdanning gjennom Samordna Opptak (SO) gjekk ned i 2010. HiT sin del av primærsøkjjarane auka frå 2316 i 2009 til 2431 i 2010, og HiT styrkte dermed sin marknadsdel. Dei fleste førstevalssøkjjarane til HiT kjem frå Telemark, men i 2010 synte denne gruppa ein liten nedgang. Talet på søkjjarar frå Vestfold varierer frå år til år. Talet på søkjjarar frå Buskerud har minka jamt dei siste tre åra. HiT har tidlegare hatt deltidsstudium i vernepleie desentralisert til Vestfold. I 2010 blei studiet flytta til Porsgrunn, og det er nok ei medverkande årsak til at HiT ikkje har fått så mange søkjjarar frå Vestfold i år. Flest søkjjarar, etter Vestfold og Buskerud, kjem frå Akershus og Oslo. Deretter følgjer Rogaland. Det er verdt å nemne at HiT har ein auke i talet på søkjjarar frå Oppland og Vest-Agder, samstundes med at talet på søkjjarar frå Aust-Agder går noko ned.

c)

Eigendefinert: Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) skal auke frå 4 947 til 5 189.

Talet på eigenfinansierte studentar hadde ein auke i 2010, frå 4 947 studentar i 2009 til 5 048 studentar i 2010. Dette er det høgste talet på studentar sidan HiT blei etablert i 1994, og inneber ein auke på 2,0 % frå 2009. Talet på heiltidsekvivalentar har auka jamt dei siste tre åra. Alle avdelingane hadde auke i talet på registrerte studentar og heiltidsekvivalentar i 2010, med unntak for EFL som har hatt ein liten nedgang i talet på heiltidsekvivalentar i 2010.

Læringsmiljø

Verksemdsmål 1.2

Høgskolen i Telemark skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.

| Styringsparametrar | Resultat | | | Ambisjonsnivå |
|--|----------|------|------|---------------|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
| a) Nye studiepoeng per eigenfinansiert student per år | 44,9 | 47,1 | 49,2 | 47,5 |
| b) Studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling | 17,0 | 17,8 | 18,4 | 19,0 |
| c) Gjennomføring, jf. avtalte utdanningsplanar | 0,90 | 0,88 | 0,86 | 0,90 |
| Styringsparametrar fastsette av høgskolen | | | | |
| d) Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar | 3829 | 4038 | 4136 | 4244 |
| e) Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar | 82 | 108 | 119 | 130 |
| f) Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar | 692 | 686 | 760 | 800 |
| g) Talet på uteksaminerte kandidatar fordelt på utvalde område | | | | |
| • sjukepleie | 109 | 92 | 108 | 110 |
| • vernepleie | 50 | 67 | 31 | 50 |
| • allmennlærer | 101 | 69 | 72 | 50 |
| • førskolelærer | 92 | 150 | 127 | 150 |
| • ingeniør | 96 | 112 | 132 | 150 |

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

Dette verksemdsmålet blei i all hovudsak nådd i 2010. Ei viktig utfordring for 2011 er likevel å betre gjennomstrøyminga. Det blir arbeidd med ulike tiltak ved avdelingane for å oppnå det. Det er i den samanhengen viktig at arenaer for kontakt mellom tilsette og studentar blir haldne oppe og betra. Det er òg viktig å oppretthalde og vidareutvikle god kontakt med samfunns- og næringsliv og aktuelle arbeidsgjevarar for å vere godt kjent med kva krav og forventningar dei har til kvalifikasjonar hjå kandidatane. HiT starta hausten 2010 ein gjennomgang av alle studieprogramma i samband med implementering av det nasjonale kvalifikasjons-rammeverket. I dette arbeidet skal også læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming vurderast.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a)

Nye studiepoeng per eigenfinansiert student per år skal vere minst 47,5.

HiT hadde ein auke i studiepoengproduksjonen per student frå 2009 til 2010, frå 47,1 til 49,2. Resultatmålet (47,3) blei dermed nådd. Omrekninga til heiltidsekvivalentar er endra. Variabelen "del av heiltid" var feil på nokre studieprogram ved EFL. Dette blei endra i samband med rapportering per 01.02.11.

b)

Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere 20,5.

Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling blei 18,4, dvs. 2,1 over resultatmålet.

c)

Gjennomføring i høve til avtalte utdanningsplanar skal vere minst 0,90.

Talet på gjennomføring i høve til avtalte utdanningsplanar blir rapportert i år for første gong etter overgang til nytt studieadministrativt system (FS). Resultatet på 0,86 er noko under ambisjonsnivået for 2010. Ved Avdeling for teknologiske fag (TF) og Avdeling for helse- og sosialfag (HS) gjennomfører studentane i stor grad i høve til avtalte utdanningsplanar, og gjennomføringsgraden ligg på over 90 %. For Avdeling for allmennvitskaplege fag (AF) og Avdeling for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning (EFL) er gjennomføringsgraden noko lågare. EFL ligg over snittet for statlege høgskolar, mens AF ligg under. Ved AF kan den lågare gjennomføringsgraden kome av at mange studentar ved Institutt for økonomi og informatikk tek enkeltfag, men er registrerte som heiltidsstudentar. For å betre gjennomstrøyminga ved AF blir mellom anna mastergradsstudentane følgde endå tettare opp gjennom "mastergradskontraktar" og framdriftsplanar.

d)

Eigendefinert: Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar skal vere minst 4 110.

Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar blei 4 136 i 2010, ein auke på 98 (2,4 %) samanlikna med 2009. Resultatmålet på 4 110 blei såleis også nådd. Ein av grunnane til auken kan vere generelt god gjennomstrøyming og auka opptak av studentar.

e)

Eigendefinert: Talet på uteksaminerte mastergradsstudentar skal vere minst 108.

119 mastergradsstudentar fullførde i 2010, medan resultatmålet var 108. Resultatmålet blei dermed nådd.

f)

Eigendefinert: Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar skal vere minst 764.

760 bachelorgradskandidatar fullførde i 2010, medan resultatmålet var 764. Resultatmålet ble dermed praktisk talt nådd.

g)

Eigendefinert: Talet på uteksaminerte kandidatar fordelt på følgjande prioriterte område skal vere minst slik dei går fram i parentes: sjukepleiarutdanning (110), vernepleiarutdanning (37), allmennlærarutdanning (62), førskolelærarutdanning (132) og ingeniørutdanning (130).

Når det gjeld dei utvalde områda, blei resultatmåla for uteksaminerte kandidatar oppfylte for allmennlærarutdanninga og ingeniørutdanninga, medan sjukepleiarutdanninga nesten nådde målet. For førskolelærarutdanninga og vernepleiarutdanninga var det ein nedgang i talet på kandidatar samanlikna med 2009, og resultatmåla blei ikkje nådde. For vernepleie skuldast nedgangen at det ikkje var avgangskull på deltid vernepleiarutdanning. Førskolelærarutdanninga hadde noko svak gjennomstrøyming.

Internasjonalisering

Verksemdsmål 1.3

Høgskolen i Telemark skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som medverkar til auka utdanningskvalitet.

| Styringsparametrar | Resultat | | | Ambisjonsnivå |
|--|----------|------|------|---------------|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
| a) Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande) | 144 | 132 | 150 | 175 |
| b) Talet på framandspråklege utdanningstilbod* | 29 | 40 | 40 | 45 |

| | | | | |
|--|-----|-----|-----|-----|
| c) Studietilbod i samarbeid med utanlandske institusjonar (fellesgradar) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Styringsparametrar fastsette av høgskolen | | | | |
| d) Talet på framandspråklege utdanningstilbod målt i studiepoeng | 690 | 895 | 750 | 900 |

* Spesifikasjonen for denne parameteren blei endra for rapporteringa frå og med 2009, då ein gjekk over til å rapportere "talet på emne med omfang 10 studiepoeng eller meir", medan resultat frå 2008 og tidlegare var målt som "talet på studietilbod".

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

Sjølv om resultatata for dei aktuelle styringsparametrane viser at tilhøyrande resultatmål ikkje fullt ut blei nådde, meiner HiT at verksemdsmålet òg i 2010 er rimeleg godt oppfylt.

HiT er nøgd med utviklinga innanfor området internasjonalisering i utdanningsverksemda, sjølv om det framleis er nokre utfordringar: Det er framleis for få utreisande utvekslingsstudentar, HiT er ikkje med i felles internasjonale gradsprogram, og førebels er talet på personalutvekslingar (på 1 måned eller meir) lågare enn ein kunne ønskje. Personalutvekslingar er elles nærare omtala under Sektormål 2 Forskings- og utviklingsarbeid nedanfor. HiT meiner at talet på utreisande utvekslingsstudentar avspeglar høgskolens fagprofil: Mange og store profesjonsutdanningar, der det er liten tradisjon for eller praktisk vanskeleg å leggje til rette for lengre utanlandsopphald. Samarbeid om gradar (definert som fellesgradar) er eit arbeid som krev tid og førebuing. Fleire miljø er aktive i internasjonale nettverk med sikte på å få til slike program (sjå nærare omtale nedanfor).

Alle avdelingane ved HiT arbeider godt med å utvide det internasjonale samarbeidet, jamvel om det framleis er miljø som kunne ha vore meir aktive. Utviklinga er positiv. Leiinga på institusjons- og avdelingsnivå legg vekt på internasjonalisering som eit viktig kvalitativt aspekt ved verksemda ved HiT, og eit viktig element i konkurransen om både studentar og fagpersonar.

Høgskolen har eit godt utbygd internasjonalt nettverk, og arbeider aktivt for å kople saman ulike fagområde i høgskolen når det gjeld internasjonalisering og for å introdusere nye fagmiljø til etablerte avtalepartnarar. Kina-samarbeidet femner no om fagmiljø frå alle avdelingar. Lærarutdanning, natur- og miljøvern fag og teknologiske fag satsar felles på eit samarbeid med University of Pune, India. HiT er med i ei rad Nordplus- og Erasmusaktivitetar, har fleire større prosjekt innanfor utdanning med stønad gjennom SIU, og har etablert samarbeid med partnarar i dei fleste av dei geografiske områda som har vore prioriterte dei siste åra (mellom anna Kina, India, USA, Canada, Sør-Afrika og EU-området).

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a)

Talet på utvekslingsstudentar (ut/innreisande) skal auke frå 132 til 175.

Studentutvekslinga totalt (ut + inn) syner ei positiv utvikling i høve til 2009, sjølv om det framleis er eit steg att før høgskolen vil seie seg nøgd. Det er særleg talet på utreisande studentar som ligg lågt i høve til talet på studentar totalt. Totalt var det 23 HiT-studentar som var med på utveksling på 3 månader eller meir i 2010, mot 29 i 2009. Det var ein liten auke på alle avdelingar med unntak av EFL. Nedgangen ved denne avdelinga skuldast at perioden for utveksling for førskolelærarutdanninga i 2009 blei flytta frå haust- til vårsemesteret. Det har såleis ikkje vore studentar frå denne utdanninga ute i 2010. Utan omlegginga reknar ein med at avdelinga ville ha hatt ute ei gruppe på 10 – 15 studentar.

HiT ser ei utfordring i at relativt mange av studentane ved høgskolen er vaksne og meir stadbundne enn yngre studentar, og at ein stor del av studentane ved HiT går på praksistunge utdanningar, der det er vanskeleg å leggje til rette for lengre opphald i utlandet (sjukepleie og lærarutdanning), eller der det tradisjonelt har vore lite utveksling (ingeniørutdanning). I tråd med signal frå sentralt hald (nye rammeplanar for lærarutdanning,

evaluering av sjukepleiarutdanninga og nye rammeplanar for ingeniørutdanning) blir det arbeid for betre studieplanmessig og fagleg tilrettelegging for utveksling for desse store studentgruppene.

I ein revisjon av krav til innhald i fag- og studieplanar ved HiT som følgje av arbeidet med innføring av kvalifikasjonsrammeverket er det elles teke inn krav om meir planretta innpassing av utanlandsopphald, ikkje berre når i studieløpet ein kan dra ut, men òg betre tilvising av fagleg opplegg hjå utvalde partnerar.

Fleire fagmiljø har sett i verk tiltak for å motivere fleire studentar til å reise ut (betre informasjon, betre tilrettelegging m.v.). På bakgrunn av oppnådde resultat kan resultatmålet på 175 studentutvekslingar totalt synast høgt, men i høve til studenttalet er det etter HiT si meining moderat og bør bli ståande. I HiT sin nye strategiske plan er det sett eit eige mål for utreisande studentar (3 månader eller meir) på 100 innan 2014.

HiT vil òg vise til at mange av høgskolen sine studentar får vere med på internasjonale faglege tilbod for kortare tid enn 3 månader. Om desse studentane blir rekna med, var det i alt 79 studentar med fagleg retta opphald utanlands i 2010. Sjå omtale av kortare opphald i utlandet nedanfor.

b)

Talet på framandspråklege utdanningstilbod skal vere 45.

Talet på emne på 10 studiepoeng eller meir som blir underviste på engelsk, er på same nivå som for 2009 – 40. Då er ikkje doktorgradsemne rekna med. Heller ikkje emne knytte til eit planlagt program innan forming er med, sidan det ikkje kom i gang pga manglande søkning frå studentar utanfor Norden. Ambisjonen var 45. Med dei emna som inngår i doktorgradsutdanninga i ingeniørfag og det planlagde programmet i forming, ville truleg målet ha vore nådd.

c)

Talet på studietilbod i samarbeid med utanlandske institusjonar (fellesgradar/Joint Degrees) skal vere 1.

HiT er framleis ikkje med i nokon felles internasjonalt grad slik dette er definert i grunnlaget for rapportering frå DBH. Erfaringa til no har vore at det er ein lang og krevjande veg å gå. Men med klarare retningsliner for slikt samarbeid aukar interessa.

HiT var i 2010 med på ein søknad om EU-finansiering for ein felles europeisk mastergrad i kroppsøving, men søknaden nådde diverre ikkje opp. Dei andre partnerane i nettverket var Université Henry Poincaré (Frankrike), Palacký University Olomouc (Tsjekkia), University of Extremadura (Spania) og The Physical Education Teachers Training in Porto (Portugal). Arbeidet vil bli vidareført med sikte på ein ny søknad i 2011.

Ved TF ser ein nærare på eit gradssamarbeid i teknologi med relevante utanlandske partnerar, og AF arbeider vidare saman med europeiske partnerar for å få til ein felles mastergrad innanfor området vasskvalitet.

HiT er elles framleis med i ein dobbel (seksdobbel) nordisk bachelorgrad i marknadsføring (AF) saman med Århus Universitet (Danmark), Mälardalen Högskola (Sverige), Lahti University (Finland), Tallinn University of Technology (Estland) og Reykjavik University (Island) og i eit nordisk samarbeid om ei eittårig fordjuping innan friluftsliv (AF), der studentane tar 15 studiepoeng hjå kvar partner, og der dei som gjennomfører studiet, kan søkje seg vidare til eit mastergradsstudium ved ein av institusjonane. Partnerar her er Syddansk universitet (Danmark), Københavns universitet (Danmark), Gøteborgs universitet (Sverige), GIH Stockholm (Sverige) og University of Iceland. Studiet er nett- og samlingsbasert.

HiT – og særleg EFL og HS – er aktive i ei rad faglege nettverk med tilbod om kortare samlingar, Intensive Program og praksis for studentar og lærarar (sjå nedanfor under Nordiske nettverk og Europeiske nettverk).

d)

Eigendefinert: Omfanget av framandspråklege utdanningstilbod målt i studiepoeng skal liggje på 985.

HiT satsar framleis på å leggje betre til rette for internasjonalisering ved mellom anna å tilby fleire kortare studium og emne på engelsk. Dette blir det arbeid med i fleire fagmiljø. Mellom anna har HS planar om å få inn emne undervist på engelsk i sine utdanningar. Det same gjeld TF for bachelorgradsutdanningane sin del.

HiT har eit godt tilbod av kortare (eitt og to semester) studieprogram innan ulike fagområde med undervisning på engelsk. I 2010 hadde HiT åtte ulike program av denne typen. Eit nytt program innan forming (30 stp) blei godkjent i 2010, men då det ikkje melde seg søkjarar utanfor den nordiske språkkrinsen, blei undervisninga gjeven på norsk hausten 2010.

Dei kortare engelskspråklege tilboda er populære for utvekslingsstudentar frå utanlandske partnarar, og også ein del "free movers" søkjer seg til desse tilboda. Fleire utdanningar har no fått enkeltemne på engelsk som del av sine fag-/studieplanar (mellom anna mastergradsstudiet i natur- og miljøvern og bachelorgradsstudiet i økologi). Det vert satsa vidare på at fleire av dei kortare tilboda som blir underviste på engelsk kan integrerast i ordinære gradsstudium, av ressursmessige grunnar, for å få til betre kontakt mellom norske og utanlandske studentar, og som eit tilbod under paraplyen "internasjonalisering heime".

Ytterlegare omtale av internasjonalisering:

Kortare opphald i utlandet for studentar

Sjølv om HiT sender ut få studentar på utveksling som går over tre månader eller meir, er studentar frå ei rad ulike utdanningsprogram med på kortare studie- eller praksisopphald i utlandet hjå bilaterale partnarar eller som lekk i aktivitetar innanfor nordiske eller europeiske nettverk. I alt er det rapportert internt om at 56 HiT-studentar frå sju ulike studieprogram har fått kvalitativt gode internasjonale erfaringar gjennom slik deltaking.

Døme på kortare faglege opphald i utlandet for studentar frå ulike program: Åtte veker praksisopphald (12 studiepoeng (stp)) i sjukepleiarutdanninga ved Tanga Nurses Training Center, Tanzania, tre veker feltkurs (10 stp) i Alpine Ecology for studentar i natur- og miljøvern ved University of Zilina, Slovakia, ei veke intensivt prosjektarbeid (7,5 stp) for studentar i økonomi og administrasjon/marknadsføring/reiseliv ved University of Coimbra, Portugal i regi av eit europeisk nettverk, intensivkurs i kroppsøving (5 stp) for lærarstudentar ved Università di Bologna, Italia, intensivkurs (4 stp) i naturfag/samfunnsfag for lærarstudentar ved Færøya Lærarskúli, Færøyaner (Nordplus), intensivkurs i friluftsliv (6 stp) ved University of Alberta, Canada, nettverksmøte i folkemusikk ved Dundalk Institute of Technology, Irland og Jazeps Vitols Latvian Academy of Music, Latvia, intensivkurs om nordisk barnelitteratur (5 stp) for lærarstudentar ved høgskolen i Malmö, Sverige, fire veker praksisopphald (6 stp) i sjukepleiarutdanninga ved Meshewalekyia Health Center, Etiopia og to veker praksisopphald (3 stp) for sjukepleiarutdanninga ved Hanze University, Nederland.

Nye internasjonale samarbeidsprosjekt innan utdanning i 2010

- Samarbeid med Kiev Polytechnic Institute (Ukraina) om masterutdanning i teknologi med finansiering frå Euroasia-programmet (TF).
- Samarbeid med University of Alberta (Canada) innan kultur- og humanistiske fag, natur- og miljøvern og idrett og friluftsliv med finansiering frå Nord-Amerika-programmet (AF).
- Samarbeid med Augustana College (USA) om studentutveksling og fagutvikling innan sjukepleiarutdanning (HS).
- Samarbeid med Hubei Experimental School of Early Childhood (Kina) om førskolelærarutdanning/praksis for førskolelærarstudentar (EFL).

Internasjonale samarbeidsprosjekt innan utdanning som er avslutta i løpet av 2010

- Samarbeid med Bishkeck Academy of Finance and Economy (Kirgisistan) om bachelorgradsprogram i opplevingsøkonomi, med finansiering frå Aust-Europaprogrammet (AF).
- Samarbeid med polsk industripartnar om studentprosjekt innan bachelorgradsutdanninga i maskinteknisk design, med finansiering frå den polske partnaren (TF).
- Samarbeid med Academy of Fine Arts and Design Bratislava (Slovakia) innanfor folkekunst (EFL), med finansiering frå EØS.
- Samarbeid med Baia Mare kommune og Maramures fylkeskommune (Romania) og Telemark fylkeskommune om restaurering av kulturarv i Baia Mare (EFL), med finansiering frå EØS.

Aktive nordiske nettverk i 2010

AF er med i to nordiske nettverk – innan marknadsføring og kultur. EFL er aktive i nettverk om forming (to), pedagogikk, lærarutdanning, naturfag i lærarutdanning, samfunnsfag i lærarutdanning, fleirkulturell forståing

og folkemusikk. HS har rapportert om i alt fire nordiske nettverk innan sjukepleie, barnevern og kultur for helse (to).

Aktive europeiske nettverk i 2010

AF er framleis med i eit nettverk knytt til mastergradsutdanning i vasskvalitet og eit nettverk i økonomi/marknadsføring. EFL har vore med i to ulike nettverk innan kroppsoving, eitt i pedagogikk (rettleiing av nyutdanna lærarar) og to i tradisjonskunst. HS er med i eit nettverk innan sjukepleie og eit i barnevern og vernepleie, medan TF framleis er med i eit stort nettverk innan elektroingeniørutdanning og eit innan kjemiingeniørutdanning.

Deltaking i bistandsprega prosjekt

Oppbygging av utdanning i økoturisme i Kirgisistan (samarbeid med Bishkeck Academy of Finance and Economics, finansiering frå Sentral-Asia programmet) – avslutta i 2010, oppbygging av mastergrad i "Sustainable Process Development" på Sri Lanka (samarbeid med University of Moratuwa), finansiering frå NOMA-programmet – held fram frå tidlegare år, men fekk løyving for eit ekstra opptak i 2010, oppbygging av folkemusikkutdanningar i Ukraina og Ungarn, oppbygging av sjukepleiarutdanning i Malawi (samarbeidet vert vidareført, men stønaden frå Kyrkjnas Naudhjelp fell bort i 2010), samarbeid med Tanga Nurses Training Center (Tanzania).

Prosjekta inneber at fagpersonar frå HiT tek aktivt del i undervisning i enkeltemne ved partneruniversiteta, medan ein søker å byggje opp kompetansen hjå heimeinstitusjonane. Studentar frå partnerinstitusjonane får stipend for å ta heile/delar av tilsvarande utdanningar ved HiT. Personale frå partnerar får fagleg oppgradering eller relevant vidareutdanning ved HIT.

Andre internasjonale samarbeid/prosjekt

- Kina-samarbeidet mellom UiA, HiT og Høgskolen i Gjøvik heldt fram i 2010, men i noko redusert omfang. Det er rekruttert fleire mastergradsstudentar og PhD-studentar frå partneruniversiteta i Hubei. Under dette prosjektet blei det mellom anna arrangert eit seminar innanfor teknologi med HiTs partnerar frå Hubei under EXPO. Sjå òg omtale av FoU-verksemnda nedanfor under Sektormål 2 Forskings- og utviklingsarbeid.
- Det blei i 2009 innleia eit samarbeid med University of Pune (India). Dette samarbeidet har ein søkt å vidareutvikle i 2010, mellom anna ved at representantar for både AF (natur- og miljøvern) og TF har besøkt dette universitetet. Ein arbeider no med å finansiere eit vidare fagleg samarbeid.
- Førskolelærarstudentar og studentar i fleirkulturelt barnevern har hatt praksisopphald ved skolar og andre relevante institusjonar i India (mindre enn tre månader), med vellukka resultat.
- Samarbeidet med partneruniversitet i Midtvesten held fram. Det har i 2010 vore fleire personal- og studentutvekslingar med m.a. Minnesota State University Mankato, Luther College, Augustana College - Sioux Falls og Minot State University og South Dakota School of Mines. Det er etablert eit prosjekt for å styrkje det faglege samarbeidet mellom sjukepleiarutdanningane ved HiT og Augustana College, og ein representant frå HiTs internasjonale kontor hadde eit studieopphald ved det same universitetet i seks veker hausten 2010 for å styrkje dette samarbeidet generelt.

EU/EØS-prosjekt innan utdanning

- Restaurering av kulturminnebygg i Romania (EØS-finansiering): Tradisjonskunstmiljøet i samarbeid med ein kommune og kulturminnestyresmakter i Romania, Telemark fylkeskommune og Vest-Telemark museum. Nettverket knytt til prosjektet har resultert i etablering av eit Erasmus-samarbeid med eit universitet i Romania. Prosjektet blei avslutta i 2010.
- Tekstildesign i Slovakia (EØS/NIL/norske finansieringsmekanismer): Tradisjonskunstmiljøet i Rauland i samarbeid med Academy of Fine Arts and Design Bratislava (Slovakia). Prosjektet finansierer både student- og lærarstipend og mange ulike aktivitetar som seminar og utstillingar. Prosjektet blei avslutta i 2010.
- Early Career Support for Beginning Teachers (EØS-finansiert): Pedagogikk, knytt opp mot fagleg tilsette som arbeider mot PhD-grad i pedagogikk. Samarbeid med ein tsjekkisk partner (The National Institute for Further Education). Prosjektet blei avslutta i 2010.

Personalutveksling

Personalutveksling blir rapportert under sektormål 2 (utvekslingar på 1 måned eller meir).

I tillegg til det som er nemnt ovanfor, vil HiT òg vise til at fagleg tilsette ved høgskolen har rapportert 60 faglege utanlandsopphald på minst ei veke hjå partnerinstitusjonar i mange land, medan 61 fagleg tilsette frå partnerinstitusjonar har vitja HiT. Dette syner at dei ulike fagmiljøa er internasjonalt aktive på mange område, noko som gjev dei erfaring, innsikt og perspektiv som kjem studentane til gode.

To administrativt tilsette ved HiT gjennomførde såkalla "tilsett-utveksling" under Erasmus i 2010, medan ein administrativt tilsett hadde eit lengre opphald hjå ein av partnerane våre i Midtvesten hausten 2010. Det er stor interesse blant administrativt tilsette for å vere med på utveksling, noko HiT ser positivt på. Auka internasjonalisering vil krevje meir internasjonal erfaring og språkkunne også frå tilsette i støttefunksjonane, og då er slike erfaringar viktige.

Nye avtalar som er underskrivne i 2010:

Erasmuspartnerar:

University of Gdansk (Polen) – språk/humanistiske fag

Hochschule Bremen (Tyskland) - sosialfag

Ferenc Liszt akademiet (Ungarn) – folkekultur/folkemusikk

University of Thessaly (Hellas) - kroppsøving

Universidad Politecnica de Madrid (Spania) - teknologiske fag

Universitat Politecnica de Catalunya (Spania) - teknologiske fag

Bournemouth University (Storbritannia) - helse og sosialfag

Umeå Universitet (Sverige) - helse- og sosialfag

Universität Hamburg (Tyskland) – friluftsliv

Tampere University (Finland) – helse- og sosialfag

University of Cumbria (Storbritannia) – økonomisk-administrative fag, miljøvern, humanistiske fag og forming

University of South Bohemia (Tsjekkia) – helse- og sosialfag

Utanom Europa:

Nurses Training Center (Tanzania) - sjukepleie

Tanga International Conference Center (Tanzania) - sjukepleie

Jan's Academy (Kenya) – førskolelærer- og lærarutdanning

Kisumu Municipal Council (Kenya) – lærarutdanning

Hubei Experimental School of Early Childhood (Kina) – førskolelærerutdanning

Eastern Washington University, Washington State (USA) – Scandinavian Studies in Telemark

Døme på internasjonale arrangement ved HiT i 2010

Årleg internseminar om internasjonalisering (tema 2010: Forbetra kvalitet i utdanning og forskning gjennom internasjonalisering), Internasjonal dag for studentar og tilsette ved alle avdelingane, "One Space, Many Ways" (utstilling i Rauland av tekstilarbeid laga under EØS-prosjekt i samarbeid mellom folkekulturutdanninga og slovensk partner), årleg internasjonal vinterfestival i folkemusikk/folkekultur i Rauland, besøk av EU-delegasjon til HiT for å lære om studentbedriftkonseptet, besøk til HiT frå provinsministeriet for utdanning i Hubei-provinsen i Kina relatert til HiTs såkalla "Kina-samarbeid".

Anna

Studentar frå HiT er kvart år med i ein internasjonal konkurranse i prosjektarbeid i regi av eit europeisk nettverk innan internasjonal marknadsføring/økonomisk administrative fag. Ei studentbedrift frå HiT plasserte seg som nummer to i hovudtevelinga og vann prisen for beste internasjonale potensial under EM i studentbedrifter i Bulgaria i 2010.

I tillegg til dei konkrete eksempla på internasjonalt utdanningssamarbeid som er nemnde i punkta ovanfor, har alle avdelingane rapportert inn ei rad andre prosjekt som syner stor breidd i HiTs internasjonale utdanningssamarbeid.

Evaluering

Verksemdsmål 1.4 (eigendefinert)

Høgskolen i Telemark skal ha god studentdeltaking i evaluering av emne, infrastruktur og læringsmiljø.

| Styringsparametrar fastsette av høgskolen | Resultat | | | Ambisjonsnivå |
|---|----------|------|------|---------------|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
| a) Prosentdel deltaking i evaluering av emne | 32 | 26 | 25 | - |
| b) Prosentdel deltaking i evaluering av infrastruktur og læringsmiljø | 17 | 15 | 13 | - |

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

Nedgangen i evaluering av emne og infrastruktur og læringsmiljø kan skuldast at det har vore mindre merksemd retta mot den elektroniske evalueringa av di ein har venta på ein gjennomgang av heile evalueringprosessen (NOKUT si evaluering i andre syklus). Elles er det framleis ei utfordring å motivere studentane til å evaluere, då det mellom anna er låg tiltru til oppfølging av resultatane. Det er i nokre høve også vanskeleg å få emneansvarlege til å setje av tid på PC-lab og samle studentane for evaluering. På institusjonsnivå blir evalueringperiodane følgde opp ved at evaluering er tema i leiargruppa. Det blei i tillegg sendt ut jamlege statusrapportar i løpet av evalueringperiodane.

På grunn av at resultatmåla ikkje er nådde over fleire år, og med utgangspunkt i rapporten frå NOKUT av 14.10.2009 om evaluering av system for kvalitetssikring av utdanninga ved HiT, er det hausten 2010 blitt nemnt opp ei breitt samansett arbeidsgruppe for vurdering av evalueringssystema ved HiT. Arbeidsgruppa har levert sin første delrapport, og skal levere sin avsluttande rapport våren 2011.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a)

Eigendefinert: Prosentdel deltaking i evaluering av emne skal auke frå 26 til 40.

Resultatet av evaluering av emne i 2010 viser at HiT ikkje nådde målet på 40 % deltaking, og deltakinga held fram med å gå ned samanlikna med tidlegare år.

b)

Eigendefinert: Prosentdel deltaking i evaluering av infrastruktur og læringsmiljø skal auke frå 15 til 40.

Resultatet av evaluering av infrastruktur og læringsmiljø i 2010 viser at HiT ikkje nådde målet på 40 % deltaking, og deltakinga held fram med å gå ned samanlikna med tidlegare år også her.

Målområde for særleg vektlegging (for sektormålet samla)

Gjere greie for høgskolen sin strategi for utvikling av fagporteføljen og fagleg profil, herunder vise kva avvegingar som blir gjorde når det gjeld breidd versus djupn, omsynet til små og utsette fag, relevans m.v. HiT sette hausten 2007 ned ei utgreiingsgruppe for å gjennomgå studieporteføljen. Arbeidet viste seg å vere meir krevjande enn ein først trudde. Det skuldast at gjennomgangen av studieporteføljen med val av fagleg profil mellom anna hang nøye saman med arbeidet med strategisk plan for perioden 2010-2014 og med universitetssettinga.

Styret behandla saka ved tre høve, og gjorde endeleg vedtak i juni 2010. Styret vidareførte i vedtaket hovudprinsippet om at HiTs fagprofil skal kjenneteiknast av to berande element. Det eine er dei fire

(akkrediterte/planlagde) doktorgradsprogramma (prosess-, energi- og automatiseringsteknikk, kulturstudiar, økologi og helsefremjande arbeid) og studieprogramma som står opp om desse. Det andre er profesjonsutdanningar og andre yrkesretta utdanningar. I denne samanhengen bestemte styret òg at den vidare utviklinga av fagporteføljen skal medverke til å styrkje forskning og forskarutdanning gjennom master- og doktorgradsutdanning i dei store profesjonsutdanningane. Styret bestemte vidare at det skal gjerast ein årleg gjennomgang av økonomien i studieporteføljen ved at kostnader og inntekter vert fordelte på det einstilte studieprogram, i hovudsak basert på den økonomiske modellen som blei nytta i gjennomgangen av studieporteføljen.

Vurdere kvalitetssikringssystema, herunder korleis systema blir forankra i fagmiljøa, og gjere greie for korleis systema blir utvikla vidare.

HiT sitt system for kvalitetssikring av utdanningsverksemda blei evaluert i andre syklus av NOKUT våren 2009, og godkjent av NOKUT sitt styre 17.12.09. NOKUT sin rapport av 14.10.09 om evalueringa syner at kvalitetssikringssystemet stort sett er godt forankra i heile organisasjonen. Evalueringskomiteén si viktigaste tilråding på dette området er å styrkje engasjement og utvikling av ein felles kvalitetskultur på tvers av avdelingar, medrekna oppretting av studienemnd/utdanningsutval på institusjonsnivå. Høgskolen fastsette våren 2010 oppfølgingsplan for evaluering av system for kvalitetssikring av utdanninga ved HiT i tråd med evalueringskomiteén sine tilrådingar. Vidare vart det i samsvar med oppfølgingsplanen oppnemnt eit rådgivande utdanningsutval ved HiT våren 2010. Hausten 2010 har Utdanningsutvalet mellom anna fungert som styringsgruppe for eit pilotarbeid knytt til implementering av det nasjonale kvalitetsrammeverket. Utdanningsutvalet vil nøye følgje implementeringsarbeidet fram mot frist for fullført implementering 31.12.2012.

Hausten 2010 blei det også etablert ei arbeidsgruppe til å gjennomgå rutinane for evaluering ved HiT, sjå verksemdsmål 1.4 "Oppnåing og analyse".

Gjere greie for korleis kvalitetssikringssystema blir nytta strategisk i arbeidet med å auke kvaliteten i utdanninga, og for korleis NOKUTs avslutta evalueringar, revideringar og akkrediteringar blir følgde opp. Strategiar for kvalitetssikringssystemet og arbeidet med studiekvalitet, inkludert strategiar for ressursforvaltning, er omtala i Strategisk plan for HiT for perioden 2010-2014. Årsrapport om kvalitetsarbeidet blir kvar haust lagd fram for styret slik at det kan ta omsyn til aktuelle tiltak ved budsjettfordelinga. Ved å vidareutvikle systemet for evaluering og rapportering, medrekna å betre innhenting og analyse av informasjon, vil systemet i endå sterkare grad kunne nyttast i det strategiske arbeidet. I samband med oppfølging av rapporten frå NOKUT av 14.10.09 vil dette vere eit viktig tiltak. NOKUTs evalueringar, revideringar og akkrediteringar blir systematisk følgde opp på ulike måtar. Nasjonale evalueringar og revisjonar blir følgde opp med konkrete handlingsplanar i tråd med merknadene frå NOKUT og oppfølgingskrava frå KD. Det blir teke omsyn til merknader knytte til akkrediteringar av nye studium. Planane blir seinare følgde opp i samband med det årlege arbeidet med kvalitetsrapporten.

Grei ut om strategi for arbeidet med internasjonalisering, inkludert forskning og utviklingsarbeid og korleis dette bidrar til utviklinga av den faglege verksemda og kvalitet i utdanningane.

HiT har i lengre tid prioritert arbeid med internasjonalisering, og er oppteken av at internasjonalisering skal medverke til å auke kvaliteten på den faglege verksemda. HiT ønskjer at internasjonalisering av utdanning og FoU skal integrerast, og at internasjonalisering skal prege alle delar av verksemda. HiT innser at dette inneber store utfordringar, men meiner at høgskolen er på god veg mot eit slikt mål. Av praktiske grunnar går vi likevel berre inn på internasjonalisering av utdanning under dette punktet i rapporten, medan internasjonalisering av FoU blir omtala nedanfor under rapportering på sektormål 2.

Følgjande strategiar har vore og er sentrale i HiTs arbeid med internasjonalisering: HiTs studieprogram skal organiserast på ein måte som gjer det klårt når i studia det er lagt spesielt til rette for utveksling, og skal inkludere faglege tilrådingar om tilrettelagde opphald ved utvalde partnerinstitusjonar. Det skal leggjast vekt på samarbeid med utvalde partnerar som kan medverke til å byggje stabile og gjensidig fruktbare nettverk

over tid. Internasjonalt samarbeid som omfattar både FoU og utdanning skal prioriterast. Det skal undervisast meir på engelsk, m.a. for å lette internasjonalt samarbeid (herunder personalutveksling, gjesteforelesarar, felles faglege aktivitetar med partnerar osv.). Det vert arbeidd aktivt for at høgskolen skal trekkje flest moglege relevante fagmiljø inn i samarbeid med felles partnerar – særleg partnerar utanfor Europa (Kina, India, USA). Sentrale midlar vert stilte til disposisjon som reisestøtte osv. for å medverke til at internasjonalt samarbeid skal kunne halde fram også om økonomien kan variere mellom forskjellige avdelingar og institutt. Sentrale internasjonaliseringsmidlar som vert disponerte av Internasjonalt utval, vert innretta mot gjeldande strategiar og prioriteringar. Det er starta eit arbeid for å få til meir systematisk satsing på internasjonalisering heime.

HiT har ein svært omfattande og variert fagportefølje, både når det gjeld breidd og nivå på utdanningsprogram. Dette gjer at det også blir stor breidd i dei internasjonale aktivitetane innanfor ulike program. Vi syner til omtale ovanfor av internasjonaliseringsverksemda.

Døme på korleis desse strategiane har medverka til eller er venta å skulle bidra til kvalitet i utdanningane:

Nettverkssamarbeid

HiT er med i ei rekkje formelle nordiske eller europeiske nettverk, der det vert gjennomført årlege samlingar med intensive program, der både studentar og fagpersonale deltek. Særleg er lærar-/førskolelærarutdanningane og utdanningane i helse- og sosialfag aktive på denne arenaen. Det syner seg at det er lettare å få studentar i desse utdanningane til å delta på slike kortvarige internasjonale aktivitetar enn på lengre utvekslingar, og både studentar og fagpersonale får på denne måten høve til å oppleve sitt eige fag i lys av røymsler frå andre land. Sjå nærare omtale av nettverk og kortvarige studieopphald i utlandet ovanfor under Internasjonalisering.

Studentprosjekt

Økonomisk-/administrative fag har kvart år høve til å delta i felles prosjektarbeid med studentar frå partnerinstitusjonar. Ved TF arbeider norske og utanlandske studentar saman i felles prosjekt i mastergradsutdanningane, og får unik erfaring i internasjonalt/fleirkulturelt prosjektarbeid som gjev særst nyttig røymsle for seinare yrkesliv.

Andre døme

Institutt for folkekultur arrangerer kvart år ein Vinterfestival på studiestad Rauland, der studentar og fagpersonale frå instituttets internasjonale nettverk samlast til felles seminar og utstillingar. Det gjev unike høve for studentane til å oppleve korleis tradisjonsfag vert utvikla og undervist i andre land, og gjev studentane unike høve til samspel/fellesaktivitetar med folk med høg fagleg kompetanse frå andre fagmiljø. Dette er resultatet av eit vel utbygd internasjonalt nettverk bygd opp over tid, og stor aktivitet både i faste nettverk og meir tidsavgrensa internasjonale prosjekt.

Utveksling og tilbakeføring av røymsle

EFL (førskolelærarutdanninga) har dei siste åra vore oppteken av å gje studentar høve til praksisopphald i tre månader i utlandet, med fokus på å gje studentane eit fleirkulturelt perspektiv på utdanninga si. Det er no lagt til rette for slik utveksling i India, Kina og Kenya. Studentane som reiser ut, må nedfelle røymslene sine i ei oppsummering når dei er tilbake i studentgruppene sine heime, og på den måten dele røymslene sine med studentar som ikkje har vore ute. Ein sideverknad av dette er at mange studentar som ønskjer å vere med på ei slik utveksling, arbeider hardt fagleg på førehand for å stå best moglege rusta til å konkurrere om det avgrensa talet på plassar.

Betre tilrettelegging av studie-/fagplanar

I samband med arbeidet med innføring av kvalifikasjonsrammeverket ved HiT er det fastsett krav om at alle studie-/og fagplanar skal omtale korleis delstudium i utlandet kan innpassast i studiet, med fagleg tilrettelegging. Lærarutdanningane arbeider no saman i eit prosjekt med partnerane i Sør-Vestregionen for å samordne nettverka sine og gje studentane eit breitt og kvalitetssikra tilbod om eit internasjonalt semester. Tilsvarande omleggingar skjer innanfor ingeniørutdanning og sjukepleiarutdanning. Begge dei aktuelle avdelingane melder at dei i den samanhengen vil prøve å leggje inn engelske emne i dei ordinære studieplanane.

Tiltaksplanar for internasjonalisering

HS har ein eigen intern tiltaksplan for internasjonalisering. Avdelinga ønskjer m.a. å nytte internasjonale kontaktar for å utvikle engelskspråklege studieemne både for ut- og innreisande utvekslingsstudentar.

Interaksjon mellom utdanning og forskning

Med to akkrediterte doktorgradsprogram (Økologi og Process, Energy and Automation Engineering) opnar det seg mange høve for utvida internasjonalt samarbeid for dei aktuelle fagmiljøa (natur- og miljøvern ved AF og TF). Begge desse fagmiljøa er blant dei mest aktive internasjonalt, og høvet til studentutveksling på mastergradsnivå er aukande.

Gjere greie for tilrettelegging for studentar med nedsett funksjonsevne.

Styret fastsette i desember 2008 ein handlingsplan for studentar med nedsett funksjonsevne for perioden 2009-2014. Høgskolen har etablert ei gruppe med kontaktpersonar for studentar med nedsett funksjonsevne. Gruppa skal mellom anna sjå på universelle løysingar på tvers i organisasjonen, og har i 2009 starta arbeidet med å vurdere felles retningslinjer for bruk av hjelpemiddel ved tilrettelegging av eksamen. Dette arbeidet er framleis i gang. Statsbygg hadde ein gjennomgang av bygningsmassen i 2010. HiT ventar på endeleg rapport frå denne gjennomgangen. På bakgrunn av rapporten vil Driftstenesta i samarbeid med Statsbygg utarbeide ein handlingsplan. Dei største utfordringane er å få etablert universelle løysingar og dermed redusere behovet for individuell tilpassing.

Gjere greie for arbeidet med læringsmiljø, herunder samarbeidet mellom læringsmiljøutvalet og styret, og korleis dette byggjer opp under sektormål 1.

Læringsmiljøutvalet legg kvar haust fram årsrapport om læringsmiljøet for styret slik at det kan ta omsyn til aktuelle tiltak ved budsjettfordelinga. Ved å vidareutvikle system for evaluering av infrastruktur og læringsmiljø, medrekna å betre innhenting og analyse av informasjon, vil systemet i endå sterkare grad kunne nyttast i det strategiske arbeidet. I samband med oppfølging av rapporten frå NOKUT av 14.10.09, vil dette vere eit viktig tiltak.

Våren 2010 blei det arrangert ein seminardag om universell utforming og tilrettelegging. Inviterte var Læringsmiljøutvalet, eksamensgruppa, kontaktpersonar for studentar med nedsett funksjonsevne, Studentorganisasjonen, bibliotek, IT, drift, HMS-rådgjevar og administrasjonssjefane. Førelisar kom frå Universell (den nasjonale pådrivareininga i høgare utdanning).

Ved studiestad Bø blei det 2010 etablert eit servicetorg. Ved studiestad Porsgrunn starta arbeidet med å etablere servicetorg hausten 2010, og det vil vere på plass til studiestart 2011.

Sektormål 2

Universitet og høgskolar skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Forskings- og utviklingsarbeid

Verksemdsmål 2.1

Høgskolen i Telemark skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vere innretta og dimensjonert for å stette behova i sektoren og samfunnet elles.

| Styringsparametrar | Resultat | | | Ambisjonsnivå |
|---|----------|------|------|---------------|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
| a) Talet på uteksaminerte doktorgradskandidatar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling | - | - | - | - |
| b) Prosentdelt uteksaminerte doktorgradskandidatar av opptekne personar på doktorgradsprogram seks år tidlegare | - | - | - | - |

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

Doktorgradsstudium innan prosess-, energi- og automatiseringsteknikk blei akkreditert av NOKUT i 2009, og hausten 2009 blei studiet starta opp. Det inneber at dei første kandidatane tidlegast kan bli uteksaminerte i 2012.

Doktorgradsstudium innan økologi blei godkjent oppretta av KD hausten 2010, og vil bli starta opp hausten 2011. Det inneber at dei første kandidatane tidlegast kan bli uteksaminerte i 2014.

Med andre ord vil HiT først kunne rapportere for styringsparametrane under dette verksemdsmålet i 2013.

Sjølv om arbeidet med finansiering av universitetsfunksjonane går tyngre enn planlagt, har styret likevel lagt opp til ei finansiering av dei godkjende doktorgradsutdanningane som skal sikre at dei held eit forsvarleg fagleg nivå, også internasjonalt. I utgangspunktet bør såleis grunnlaget for god gjennomstrøyming i desse to utdanningane vere det beste.

Når det gjeld stipendiatar/doktorgradsstudentar som er tekne opp på doktorgradsprogram ved andre institusjonar, har HiT ei rad slike. I 2010 tok seks av desse doktorgraden.

Verksemdsmål 2.4

Høgskolen i Telemark har eit særskilt ansvar for profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionen. Samstundes skal høgskolen innrette forskingsinnsatsen sin slik at det vert oppnådd resultat av høg internasjonal kvalitet innan fagområde der høgskolen tildeler doktorgrad, og samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forskning og utviklingsarbeid.

| Styringsparametrar | Resultat | | | Ambisjonsnivå |
|--|----------|-------|-------|---------------|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
| a) Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling | 0,12 | 0,18 | 0,25* | 0,25 |
| b) Tildelingar frå Forskringsrådet per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling | 11,8 | 8,8 | 15,8 | 18,0 |
| c) EU-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Styringsparametrar fastsette av høgskolen | | | | |
| d) Talet på publikasjonspoeng | 39,95 | 55,86 | 80,5 | 80 |
| e) Talet på tilsette som blir utveksla via programavtalar | 114 | 129 | 7 | 13 |
| f) Talet på nye publikasjonar i TEORA | 68 | 64 | 39 | 100 |

*Basert på 80,5 publikasjonspoeng (førebels tal)

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

HiT har fleire forskningstunge miljø, men FoU-verksemda treng framleis å styrkjast. Ikkje minst gjeld det profesjonsretta forskning. I den samanhengen har det dei siste åra mellom anna vore auka fokus på å styrkje førstestillingskompetansen innan profesjonsutdanningane, jf. kommentarar under verksemdsmål 4.2. Det er elles grunn til å tru at satsinga på universitetsfunksjonane i aukande grad vil medføre at talet på tilsette med førstestillingskompetanse vil auke og dermed òg FoU-aktiviteten, også innan profesjonsutdanningane.

Etter at talet på publikasjonspoeng gjekk kraftig ned i 2008 for så å auke noko i 2009, er HiT no attende og i overkant av nivået i toppåret 2007. Endelege tal vil ikkje liggje føre før fristen 1. april, men førebelse tal viser ein auke frå om lag 56 publikasjonspoeng i 2009 til over 80 i 2010. Arbeidet med å auke talet på teljande publikasjonar har vore intensivert ved alle avdelingar. Mellom anna synest det å vere verknadsfullt i sterkare grad å knyte publisering som føresetnad for tildeling av FoU-ressursar. Ved ei avdeling resulterte slike tiltak i at talet på publikasjonspoeng vart meir enn dobla frå 2009 til 2010.

Samla sett er etter HiTs meining dette verksemdsmålet delvis oppfylt.

Det som først og fremst vantar er tildelingar frå EU. Når det gjeld tildelingar frå Forskringsrådet, har desse auka i 2010 i høve til botnåret 2009 (frå under 9 000 kroner per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling til vel 15 000 i 2010). Denne utviklinga er positiv, men bør halde fram, ikkje minst sett i ljøs av at gjennomsnittsnivået for høgskolesektoren i 2009 var på vel 28 000 kroner per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a)

Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling ska liggje på minst 0,19.

Resultatet blei 0,25 publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling. M.a.o. blei målet nådd med god margin. Årsaka er at HiT har hatt ein markant auke i talet på publikasjonspoeng, og 2010 er det beste året sidan registreringa av publikasjonspoeng starta i 2004. Det er likevel ei utfordring å halde nivået oppe og å få til vidare vekst.

b)

Tildeling frå Forskringsrådet per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere på minst 9 000 kroner.

HiT har hatt auke i omfanget av tildelingar frå Forskringsrådet frå 2009 til 2010. Tildelinga per undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar (kroner 15 800) er høgare enn resultatmålet for 2010, som var på 9 000 kroner. Det er framleis eit mål å auke tildelinga, og HiT arbeider aktivt med det.

c)

EU-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (ikkje resultatmål).

Heller ikkje i 2010 deltok HiT i EU-prosjekt. Det er krevjande å utvikle kompetanse og å finne tid til å delta i større EU-søknader. Men fleire fagmiljø ønskjer å vere med, og det er teke initiativ til fleire samarbeidsprosjekt med tanke på framtidige søknader. Samstundes arbeider HiT med å nytte seg av mindre omfattande finansieringstilbod frå EU for å byggje opp intern kompetanse på feltet. Det er særleg utveksling av tilsette som HiT ser nærare på.

Sjølv om HiT ikkje deltek direkte i EU-prosjekt, er høgskolen med i eit Interreg-program, og deltek også i eit par rådgjevingsgrupper innan EU.

d)

Eigendefinert: Talet på publikasjonspoeng skal liggje på minst 60.

Talet på publikasjonspoeng har auka markant frå 2009 til 2010, og resultatet blei nådd med god margin. I 2009 var talet 55,8 publikasjonspoeng og førebelse tal syner at HiT kjem til å få meir enn 80 publikasjonspoeng i 2010.

Veksten kan ha fleire grunnar. Ei årsak kan vere at mange av publikasjonspoenga kjem frå monografiar. Vitskaplege monografiar gjev fem publikasjonspoeng og medverkar såleis sterkt til auken. I 2007, som var siste toppår for publikasjonspoeng ved HiT med 73,3 poeng, kom også ein stor del av poenga frå monografiar. Monografiar tek lengre tid å skrive enn artiklar, og det gjev seg naturleg utslag i svingingar i publikasjonspoenga frå år til år.

Ei anna medverkande årsak til auken kan vere den vekta som har blitt lagd på publisering. Frå og med 2007 blei såleis publisering i godkjende publikasjonskanalar eit eige punkt i medarbeidersamtalar for tilsette i vitskapleg stilling ved høgskolen. Styret har no òg vedteke ei insentivordning i denne samanhengen. Ordninga vil venteleg stimulere til ytterlegare auke i publiseringar.

e)

Eigendefinert: Talet på tilsette som blir utveksla via programavtalar skal vere minst 15.

Rapporteringsstalet for tilsette som har delteke på utveksling via programavtalar har gått kraftig ned det siste året. Det skuldast i all hovudsak at lengda på opphald som skal rapporterast er endra frå ei veke til ein månad.

Resultatmål for 2010 blei sett til 15 utvekslingar. Talet på utvekslingar blei sju.

Utvekslingar som varer minst ein månad er vanskelegare å få til enn kortare utvekslingar. I 2010 er det difor sett i gang eit arbeid i samråd mellom FoU-utvalet og Internasjonalt utval for å samordne midlane og gjere det lettare å reise på ei slik utveksling.

Samstundes arbeider HiT med å få på plass tilsettutvekslingar under EU-program for utvekslingar.

Utvekslingar for kortare tid enn ein månad har auka dei siste åra. Det var 127 slike i 2010.

f)

Eigendefinert: Talet på publikasjonar i TEORA skal aukast frå 136 til 145.

Talet på publikasjonar i TEORA var 39 i 2010 mot 64 i 2009 og 68 i 2008. Ambisjonsnivået for 2010 på 145 publikasjonar var nok sett noko høgt, men resultatet er likevel langt unna det som var venta. Det blei lagt ned mindre arbeid internt med å auke talet på publikasjonar i TEORA. Det skuldast dels at andre oppgåver kravde

meir enn venta, og dels at sjukdom blant personalet i biblioteket svekka den totale arbeidskapasiteten. Dette arbeidet vil bli prioritert høgare i 2011.

Målområde for særleg vektlegging (for sektormålet samla)

Gje ein analyse av strategien for arbeidet med internasjonalisering i forskning og utviklingsarbeidet, og korleis dette medverkar til å heve kvaliteten i forskarutdanninga og forskingsverksemda.

Det konkrete arbeidet med internasjonalisering ligg på avdelings- og instituttnivå. Sentralt skal høgskolen leggje til rette for at internasjonalisering av forskning og utvikling skal bli lettare. Internasjonaliseringa skjer kring to liner – dei offisielle samarbeidsavtalane og forskarane sine personlege nettverk.

Det blir arbeidd systematisk med å etablere gode kontaktar og gode prosjekt innanfor fagmiljøa. Det er ein bevisst strategi å samarbeide med større universitet som har sterke fagmiljø som kan styrkje vår forskingsaktivitet.

Forskingssamarbeid med utanlandske institusjonar medverkar til å heve nivået på våre program, og HiT har også rekruttert utanlandske tilsette for å gjere seg nytte av kompetansen deira.

Innanfor helse- og sosialfag er det til dømes i gang eit viktig strategisk samarbeidsprosjekt mellom fagmiljø ved HiT og i Kina og Taiwan. Resultat frå prosjektet blir brukte i undervisninga. Teknologiske fag samarbeider samstundes med Harbin Institute of Technology og Huazhong University of Science and Technology i Kina, og Kiev Polytechnical Institute i Ukraina.

Vurdering av arbeidet med å utvikle og konsentrere FoU-innsatsen og utvikle fagmiljø av høg kvalitet.

Det ligg i HiTs strategi å konsentrere forskingsverksemda om dei to berande elementa i fagprofilen. Styret løyver kvart år midlar til strategiske satsingstiltak. Arbeidet blir òg vidareført på avdelingsnivå, slik at alle avdelingar må prioritere og spisse den faglege satsinga. FoU-verksemda skal i større grad enn tidlegare vere konsentrert om tema som byggjer opp om master- og doktorgradsutdanningane.

Avdelingane står framfor ulike utfordringar og har ulike løysingar på desse.

Mellom anna er det arbeid i gang med å formulere ein forskingsstrategi for førskolelærarutdanninga på grunnlag av tilbakemeldingar i NOKUT si evaluering. Det er eit krav at alle fag innan lærarutdanningane skal vere forskingsbaserte. Dette inneber at det skal vere forskning i alle fag, og at profesjonsretta og fagdidaktisk forskning vert prioritert.

Fleire avdelingar melder om at det er oppretta faglege fora, forskingsklyngjer, forskargrupper og liknande for å styrkje og utvide det faglege nettverket og rette forskinga i same retning.

Det er òg skjedd ei dreining i forskinga på enkelte felt som eit resultat av tverrfagleg samarbeid. Det gjeld spesielt innan "sustainable energy technologies", der tverrfagleg kompetanse innan prosessteknologi, reguleringsteknikk, modellering og simulering, instrumentering og måleteknikk går inn i forskinga.

Vurdering av tiltak for å auke gjennomstrøyminga i forskarutdanninga og status for rekruttering på ulike fagområde.

Høgskolens eige doktorgradsprogram innan Prosess-, energi og automatiseringsteknikk er førebels for nytt til at progresjonen kan kommenterast for seg sjølv. Progresjonen til høgskolens stipendiatar som er tekne opp på doktorgradsprogram ved andre institusjonar, vil bli kommentert.

Tilsette som tek forskarutdanning, brukar som regel lengre tid enn normert på dette.

Ved ei avdeling vert det gjeve ekstra FoU-tid til personar som er i ferd med å avslutte doktorgradsarbeidet.

Ei anna avdeling har satsa særleg på to tiltak, betring av kontortilhøva for stipendiatane og forsterka krav til institutta når det gjeld planlegging, oppfølging og rettleiing. Også andre avdelingar melder om tettare oppfølging av den enkelte stipendiaten. Oppretting av fleire faggrupper vil venteleg også gjere det lettare for stipendiatane å fullføre studia innanfor normert tid.

Enkelte fagmiljø arbeider med sikte på å opprette forskarskolar i samarbeid med andre institusjonar. Det vil gje større fagmiljø, faste samlingar og tettare oppfølging, og dermed vonleg raskare progresjon.

Vurdering av høgskolen sitt arbeid mot og utteljing i regionale forskingsfond.

For å auke sjansane til å lukkast innanfor det aktuelle regionale forskingsfondet, Oslofjordfondet, har høgskolen teke fleire grep.

Oslofjordfondet har vore drøfta i FoU-utvalet med sikte på å auke kunnskapen kring fondet hjå forskarane. Leiaren av sekretariatet for fondet har vore invitert til høgskolen for å presentere fondet for representantar frå alle avdelingar og institutt saman med eksterne samarbeidspartnarar.

Det er sendt tre søknader frå fagmiljø ved HiT. Det gjeld fagmiljø ved HS (ein søknad) og TF (to søknader). Den eine søknaden frå TF blei utarbeidd i samarbeid med Norner Innovation AS, og det blei løyvd ei kvalifiseringsstøtte på 100 000,- til kvar av dei to partane. Den andre søknaden frå TF resulterte i at prosjektet (Distributed production of biogas with transport to centralized upgrading) blei tildelt 2,4 mill. kroner.

Oslofjordfondet valde å ikkje ha utdanning som tema i 2010. Av den grunn var det liten grunn til å leggje arbeid i å utarbeide søknad for det store fagmiljøet innan utdanning.

HiT ser gjerne at deltakinga hadde vore høgare. Det kan vere fleire grunnar til at så ikkje er tilfellet. For lite samarbeid om strategiar mellom avdeling og fellesnivå er peika på som ei mogleg årsak.

Ei utfordring er i alle høve balansen mellom innsats og utteljing. Det skal ganske mykje til for å få på plass eit prosjekt, samstundes som det er relativt lite å hente på slik satsing reint økonomisk. Det står att å sjå om dei faglege resultatata står i høve til innsatsen.

Sektormål 3

Universitet og høgskolar skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatata. Universitet og høgskolar skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Formidling

Verksemdsmål 3.1

Høgskolen i Telemark skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultatata frå FoU-verksemda.

| Styringsparameter fastsett av høgskolen | Resultat | | | Ambisjonsnivå |
|---|----------|------|------|---------------|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
| Talet på formidling av fagleg, populærvitskapleg karakter | 47 | 49 | 18 | - |

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

HiT legg vekt på formidling av forskning og av å gjere resultata tilgjengelege. I 2010 blei det lansert nye websider for høgskolen med eigne forskingssider. Dei største forskingsprosjekta ved HiT er presenterte på websidene.

Fleire av avdelingane har årvisse konferansar som og blei arrangerte i 2010. Tilsette blir spurde om å kome med innlegg og foredrag på eksterne konferansar. Dei uttalar seg til media så vel lokalt som nasjonalt og skriv elles kronikkar, lærebøker og fagbøker.

Fagleg formidling gjennom konsertar og utstillingar har stort omfang. Det er registrert 34 utstillingar og konsertar i 2010, meir enn ei dobling frå året før.

I september 2010 deltok høgskolen i dei nasjonale Forskingsdagane med ei rekkje arrangement i Porsgrunn, i Bø, på Rauland og på Rjukan. Arrangementa samla 2 088 deltakarar og resulterte i tillegg i 37 medieinnslag i lokale, regionale og nasjonale medium. HiT var den 5. mest synlege aktøren under Forskingsdagane 2010 i følgje ein medieanalyse frå Forskingsrådet.

Kort kommentar til styringsparameteren

a)

Eigendefinert: Talet på formidling av fagleg og populærvitskapleg karakter skal aukast frå 49 til 55.

Talet på formidling av fagleg og populærvitskapleg karakter rapportert gjennom Forskdok gjekk markant ned frå 2009 til 2010. Det kan henge saman med at det ikkje er plikt til å rapportere formidling, og at det heller ikkje gjev noko uttelling. Dei rapporterte 18 bidraga gjeld eitt populærvitskapleg foredrag og 17 medieinnslag, hovudsakleg frå AF. Utanom den registrerte aktiviteten gjennom Forskdok melder likevel alle avdelingane om at det er formidla mykje populærvitskapleg fagstoff gjennom ulike kanalar året gjennom.

Innovasjon og verdiskaping

Verksemdsmål 3.2

Høgskolen i Telemark skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping.

| Styringsparametrar | Resultat | | | Ambisjonsnivå |
|---|----------|---------|---------|---------------|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
| a) Delen av oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet av samla driftsinntekter | 0,02 | 0,02 | 0,01 | 0,02 |
| b) Talet på nyoppretta selskap | 1 | 0 | 1 | 1 |
| c) Talet på mottekne forretningsidear | 1 | 0 | 8 | 5 |
| Styringsparameter fastsett av høgskolen | | | | |
| d) Resultat av bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd* | 291 399 | 818 000 | 502 000 | 600 000 |

*Resultatet gjeld berre oppdragsfinansiert verksemd. Styringsparameteret er endra i plandelen.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

Dette verksemdsmålet må i hovudsak seiast å vere nådd. Måla for nyoppretta selskap og mottekne forretningsidear blei også nådde. HiT har eit omfattande samarbeid med relevante aktørar i regionen der siktemålet er innovasjon og verdiskaping. Det har over tid vore ein auke i kontakten mellom høgskolen og omgjevnadene som har gjeve seg utslag i auka bidrags- og oppdragsaktivitet. Høgskolen er involvert i mange

prosjekt og nettverk innanfor både privat og offentlig sektor. Likevel er ikkje resultatane knytte til høgskolens eksterne verksemd fullt ut tilfredsstillande. Arbeidet med å styrkje bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd vil difor bli vektlagt i særleg grad i 2011.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a)

Delan oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet av samla driftsinntekter skal vere 0,02.

Omfanget av oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet var på om lag same nivå i 2010 som i 2009. Samstundes rapporterer alle avdelingane ved høgskolen om auka aktivitet som venteleg vil føre til auka inntekter i 2011. Grunnen til at prosentdelen av oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet har gått noko ned, er at driftsinntektene elles har auka.

b)

Talet på nyoppretta selskap skal vere minst 1.

Måtalet på eitt nyoppretta selskap er oppnådd. Firmaet ATP Innovation AS blei etablert som eit utviklingsselskap i samarbeid med Bioparken, som var kommersialiseringseininga. Dei var med på etableringa og på eigarsida fram til bedrifta blei "overteken" av Campus Kjeller. Firmaet har utvikla teknologiske produkt for hurtigvarsling av mikrobiell ureining i vatn, basert på resultatane frå forskingsaktivitetane ved HiT fram til 2008. Firmaet er framleis i utviklingsfasen og vil truleg lansere sine første produkt i 2012.

c)

Talet på mottekne forretningsidear skal vere minst 2.

Talet på mottekne forretningsidear ligg godt over måtalet på 2. Forretningsideane har utspring mellom anna i forskingsprosjekt og i samarbeid med lokale næringslivsaktørar, og nokre er utvikla på studiestadene mellom studentar og lærarar.

Omtale av dei mottekne forretningsideane:

1. *Rørsledetektor*. Prosjektet går ut på å lese rørslemønsteret til funksjonshemma personar slik at desse kan få best mogleg tilpassa hjelpemiddel. Prosjektet har utspring i resultat frå forskning på bever, der kontinuerleg overvaking og kartlegging av beverens rørslemønster er gjort i vatn og på land.
2. *Fosforseparator*. Ideen går ut på å skilje ut fosfor frå kloakkslam, utan tilsetjing av kjemikalier, og dermed løyse eit miljøproblem samstundes som ein vinn att verdifulle råstoff. Dette har utspring i prosjektutgreiing som er gjennomført i samarbeid med lokale næringslivsaktørar. Prosjektet har også fått støtte frå Oslofjordfondet til vidare utgreiing.
3. *Superstake*. Eit nytt og revolusjonerande treningsapparat for vintersportsutøvarar. Prosjektet har utspring i samarbeid mellom ein mastergradsstudent på idrettsfag og ein fagleg tilsett ved Institutt for idretts- og friluftslivsfag.
4. *Easymove*. Ei universell innretning som m.a. kan brukast til å flytte pasientar både ute og inne. Ideen er utarbeidd på bakgrunn av røynsler gjort av tilsette som har vore med på å hente sjuke og skadde personar i skog og fjell.

Desse fire prosjekta skal vidareførast i 2011 for nærare utgreiing og testing med tanke på omsetjing til kommersielle verksemder.

Dei siste fire prosjekta som det har vore arbeidd med (og som er avslutta) i 2010 er:

Båredempar. Eit tiltak for å redusere belastning til pasientar under transport i t.d. sjukebil. Prosjektet er vurdert til å vere for vanskeleg å få kommersialisert til ein kostnad som vil kunne gje fornuftig avkastning innan rimeleg tid.

Innsynshindring for kodetastatur o.l. Prosjektet er avslutta då det ikkje kvalifiserte for å bli patentbeskytta. Prosjektet kan vidareførast av opphavsmann.

Hurtigtest av kontaminasjon i vatn ved hjelp av petrifilm/ATP. Eit prosjekt med utspring i tidlegare forskning og firmaetablering. Prosjektet er avslutta sidan det ikkje var patentgrunnlag her.

Elektronisk læreplattform. Vidareutvikla versjon av kjend teknologi for effektivisering i læringsmiljø.

Prosjektet er avslutta pga. for høge kostnader ved kommersialisering i høve til det marknaden vil betale for liknande produkt. Produktet skilde seg ikkje nok frå allereie eksisterande produkt.

d)

Eigendefinert: Resultat av bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd skal auke til minst 500 000 kroner. Resultatet samsvarar med resultatmåtalet. Eit stort enkeltoppdrag som blei avslutta i 2009 og noko færre avslutta oppdrag i 2010, er forklaringa på at resultatet er noko dårlegare enn i 2009.

Målområde for særleg vektlegging (for sektormålet samla)

Gjere greie for arbeidet for stimulering og tilrettelegging for innovasjon og entreprenørskap ved høgskolen. Høgskolen medverkar til innovasjon i helse- og omsorgstenestene i kommunane gjennom aktiv deltaking i ulike prosjekt innanfor helse-, omsorgs- og sosialtenestene. Spesielt kan nemnast prosjekt knytte til omsorgstenesteforskning og forskning på barn og unge. Høgskolen er også representert i ulike fora/styringsgrupper mellom anna i dei nyetablerte utviklingsentra for sjukeheim og heimetenester.

Satsing på etter- og vidareutdanning for lærarar har gjeve store utteljingar dei siste par åra og – så langt – fram til og med 2012. Høgskolen har m.a. fått tildeling til vidareutdanning for lærarar i pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen, arbeidsplassrelatert førskolelærarutdanning og mentorutdanning innanfor rettleiing av nyutdanna lærarar.

Programmet *Verkemiddel for regional FoU og innovasjon i Telemark* har vore og er ein viktig arena for høgskolen både for å utvikle og styrkje samarbeidet med næringsliv og offentleg sektor og for å få delfinansiert aktivitetar innan innovasjon og nyskaping. I 2010 har høgskolen vidareutvikla samhandlinga med IKT-næringa i Telemark om mellom anna ordning med praksis og studentprosjekt i IKT-bedrifter, og sett i gang eit nytt næringsretta mastergradsstudium i fri programvare i samarbeid med UiA, IKT Grenland og bedriftsnettverket DIGIN i Agder. Høgskolen har også i fleire år hatt eit eksternt fagråd som har medverka til god samhandling mellom høgskolens tilsette og regionale næringslivsaktørar.

Satsinga på studentbedrifter er sterk ved HiT. Høgskolen kan vise til sær gode resultat, og nivået på prosjekt i 2010 viser auka kvalitet. I 2010 fekk ei av HiT sine studentbedrifter FERD-prisen under NM, og 2. plass i EM for studentbedrifter. Det er aukande interesse frå studentane når det gjeld studentbedrift, noko vi ser som sær positivt. Høgskolen har også delteke i "advisory board" for bedrifter som er etablert etter avslutta studentbedriftsperiode.

Høgskolen har vurdert åtte forretningsidear og etablert eitt selskap. Utover dette satsar høgskolen mykje på utvikling av forretningsidear gjennom satsinga på studentbedrifter, og i samarbeid med eksterne aktørar om å forbetre prosessar og produkt.

Vurdering av arbeidet med å utvikle retningslinjer for immaterielle rettar og betre handtering av slike rettar. I 2010 var ikkje arbeidet med immaterielle rettar prioritert særskilt. Med utgangspunkt i førebelse retningslinjer på dette feltet, vil det i 2011 bli arbeidd vidare med meir komplette retningslinjer.

Vurdering av høgskolen si tilrettelegging for og tilgang til forskingsresultat, herunder Open Access, og annan fagleg aktivitet for ålmenta og samfunnet.

For å auke talet på publikasjonar i Teora er det oppretta eit eige tiltak på høgskolens budsjett for å dekkje eventuelle kostnader knytte til å "frikjøpe" artiklar frå forlag som krev betaling for å gjere publikasjonar ope tilgjengelege. Summen er på 50 000 kroner i 2011.

Elles merkar HiT seg positivt ut mellom dei statlege høgskolane med å ha mellom 31 og 55 % av det totale talet publiserte artiklar ope tilgjengeleg. Det følgjer av Tilstandsrapport for høgare utdanningsinstitusjonar 2010.

Gjere greie for arbeidet med å auke bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd.

Styrkt kontakt mellom høgskolens tilsette, studentar og omgjevnadene har gjeve resultat i form av auka verksemd innan bidrags- og oppdragsaktivitetar. Dette er ein strategi som høgskolen har følgd over fleire år m.a. gjennom bruk av eksternt fagråd, Gründercamp, praksisplassar for studentar og auka deltaking på eksterne møteplassar og arenaer.

Fagmiljøa ved høgskolen har lagt opp til dels ulike strategiar for å auke bidrags- og oppdragsaktivitet:

- AF har vore representert på dei fleste seminar og arrangement om EUs 7. rammeprogram. Her har kompetansetilførsel stått sentralt. Som følgje av det har avdelinga i 2010 etablert eit "advisory board" med primæroppgåve å følgje opp etableringar frå FoU-arbeid og studentbedrifter. Styrkinga av kompetansen retta mot EUs ulike program vil vonleg gjere avdelinga til ein meir attraktiv part i prosjekt som kjem inn under EUs 7. rammeprogram og randsonesprogramma som sorterer inn under dette. Avdelinga har også medverka i CIEAR (Centre for Integrated Environmental Analytical Research) søkjarkonsortium om ein søknad til Forskningsrådet om infrastrukturmidlar til nasjonalt senter for miljøkjemi.
- HS har spissa inn mot behov innanfor helse- og omsorgstenesta, spesielt i kommunane. Satsinga på Senter for omsorgsforskning Sør i samarbeid med UiA har vore viktig for utviklinga av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet. Samhandlingsreforma tilseier at kommunane vil ha stort behov for kompetanseheving på dette feltet i åra framover.
- TF har satsa på etablering av eksterne fagråd og skal no utvikle bransjefagråd der den enkelte bransje møter fagtilsette innan sitt område. For å auke bidrags- og oppdragsaktiviteten ytterlegare vil avdelinga tilsetje ein fast prosjektleiar som kan styrkje og utvikle prosjektporteføljen innanfor eksterne aktivitetar.
- EFL satsar på etter- og vidareutdanning, og har auka inntektene for deltakarfinansiert utdanning og bidragsforskning finansiert av Forskningsrådet og andre.

Sektormål 4

Universitet og høgskolar skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir stetta best mogleg innanfor ramma av disponible ressursar.

Verksemdsmål 4.1

Høgskolen i Telemark skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

| Styringsparametrar | Resultat | | | Ambisjonsnivå |
|---|----------|-------|--------|---------------|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
| a) Driftsutgifter per avlagt heiltidsekvivalent (60-studiepoengseiningar) | 130 | 128 | 130 | 134 |
| b) Driftsutgifter per publikasjonspoeng | 12 464 | 9 222 | 6 699* | - |
| c) Høvetalet mellom vitskapleg og administrativt tilsette | 2,39 | 2,27 | 2,30 | 2,35 |
| Styringsparametrar fastsette av høgskolen | | | | |
| d) Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader skal haldast på noverande nivå (63 %) | 60,73 | 62,58 | 63,49 | 63,50 |

| | | | | |
|---|--------|--------|--------|--------|
| e) Kostnader per eigenfinansiert heiltidsekvivalent korrigerert for løns- og prisvekst skal ikkje vere over kr 99 000 | 98 154 | 93 848 | 93 969 | 93 000 |
| f) Areal per eigenfinansiert student skal ikkje vere over 14 m ² | 14,3 | 12,8 | 13,7 | 14,0 |

*Publikasjonspoeng er ennå ikkje kjent. Rapporteringa tek utgangspunkt i førebels produksjon på 80,5 for 2010.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

HiT meiner at dette verksemdsmålet må seiast å vere nådd på dei mest vesentlege områda.

Den interne budsjettfordelingsmodellen i høgskolen blei revidert i 2008. Det blei ikkje funne grunn til å gjere vesentlege endringar. Styret meiner at budsjettfordelingsmodellen i hovudsak må kunne seiast å vareta strategiske prioriteringar på ein god måte. Styret planlegg likevel å gjennomføre ei ny revidering av budsjettfordelingsmodellen i 2011.

Budsjettprosessen for 2010 blir oppfatta som god. Med utgangspunkt i Prop. 1 S (2009-2010) blei det utarbeidd førebelse rammer til driftseiningane. Deretter blei det gjennomført eit plan- og budsjettseminar for å gå gjennom rammer og konsekvensar. Etter seminaret blei det utarbeidd eit budsjettfordelingsframlegg som blei sendt på høyring til driftseiningane. Justert framlegg til budsjettfordeling for 2010 blei fremja på styremøtet i desember 2010.

Høgskolen har sett i verk tiltak for å betre budsjettoppfølgingsprosessen. Det er m.a. stilt krav til at økonomisk status skal vere fast punkt på dagsorden i månadlege leiarmøte ved driftseiningane, og at nye tildelingar skal leggjast inn og periodiserast i rekneskapsystemet Agresso snarast mogleg og seinast innan 10 dagar etter at tildelingane er mottekne. Vidare er det lagt opp til tidlegare frist for å registrere budsjetttramma for året. Denne er endra frå 31. mars til 15. januar frå 2011. Høgskolen har i 2010 nytta ein eigen mal for driftseiningane i økonomirapportering til styret knytt til tertialavslutningar og årsavslutningar.

Høgskolen har òg sett i verk ei ny ordning for fordeling og oppfølging av midlar til stipendiatstillingar. Ordninga skal m.a. medverke til at midlane kjem raskare i sirkulasjon.

Høgskolen har gjennomgått studieporteføljen i 2008 og 2009. Som ein del av gjennomgangen vart det utarbeidd lønsemdsutrekningar for kvart studieprogram. Styret meiner at slike utrekningar medverkar til å sikre god og effektiv forvaltning av ressursane, der m.a. studieprogram med dårleg lønsemd blir vurderte nærare for å betre lønsemda. Ein ser då både på inntekts- og kostnadssida. Dette kan til dømes vere tiltak for å betre gjennomstrøyminga, tiltak for å betre marknadsføringa, endring av innhald i studieprogram, høve til å gjennomføre fellesundervisning for fleire studieprogram innanfor eit emne, direkte kostnadsreducerande tiltak (m.a. reduksjon av timelærarbruk og reiseverksemd), oppretting av nye studieprogram og nedlegging av gamle. I 2010 har det vore arbeidd med ulike tiltak som oppfølging etter gjennomgangen av studieporteføljen.

Nivået på avsetjingar har auka frå 31.12.09 til 31.12.10. Følgjande tabell syner utviklinga for perioden 2005-2010:

| År | Avsetjing, ekskl. midlar frå Forskingsrådet og bidragsprosjekta | Avsetjing, midlar frå Forskingsrådet | Avsetjing, bidragsprosjekta | Tal i mill. kroner |
|------|---|--------------------------------------|-----------------------------|--------------------|
| | | | | Totalt |
| 2005 | | | | 52,6 |
| 2006 | | | | 49,9 |
| 2007 | | | | 54,9 |
| 2008 | 36,5 | 3,3 | 4,8 | 44,6 |
| 2009 | 49,7 | 1,9 | 4,5 | 56,1 |
| 2010 | 62,6 | 3,4 | 4,8 | 70,8 |

Førebels rekneskap for 2010 viser eit venta totalt mindreforbruk på 70,8 mill. kroner og eit mindreforbruk eksklusive avsetjingar knytt til Forskingsrådet og bidragsprosjekta på 62,6 mill. kroner. Dei totale avsetjingane er såleis auka med om lag 14,3 mill. kroner i 2010 i høve til 2009. Auken i totale avsetjingar er omtala nærare under verksemdsmål 4.3.

Når det gjeld omfanget av bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd, blir det vist til verksemdsmål 3.2.

Høgskolen hadde per 31.12.10 ein verksemdskapital på kr 3 945 856 før resultatet frå 2010 er lagt til. Medrekna resultatet frå 2010 er verksemdskapitalen på kr 4 447 953. Høgskolen arbeider aktivt for å auke både eksternt finansiert verksemd og tildeling frå Forskingsrådet.

Høgskolen meiner at løyvinga i 2010 er disponert i samsvar med strategiske føringar og politiske styringssignal.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a)

Driftsutgifter per avlagt 60-studiepoengseining skal ikkje vere over 129 000 kroner.

Driftsutgifter per produsert 60-studiepoengseining blei på om lag kr 130 400 i 2010, som er ein auke på 2 800 kroner per eining frå 2009. Det har vore ein auke i studiepoengproduksjonen, men den var likevel relativt mindre enn auken i driftsutgifter.

b)

Driftsutgifter per publikasjonspoeng skal ikkje vere over 9 mill. kroner.

Driftsutgifter per publikasjonspoeng blei om lag 6,7 mill. kroner. Det endelege talet på produserte publikasjonspoeng er ikkje kjent før april 2011. Førebels ser vi at det er produsert minst 80 publikasjonspoeng, og rapporteringa no tek dette som utgangspunkt. Produksjonen er mykje høgare enn tidlegare år og godt over måtalet på 60. Det har vore lagt vekt på dette på høgskolen gjennom ulike tiltak, og det er gledeleg at resultatet er så godt.

c)

Høvetalet mellom vitenskapleg og administrativt tilsette skal vere 2,35.

Som det går fram av tabellen, er det ein auke i det aktuelle høvetalet frå 2009 til 2010, men ambisjonsnivået for 2010 er ikkje fullt ut nådd. Høgskolen vil framleis følgje med på utviklinga for dette høvetalet for å sikre ein god og føremålstenleg balanse mellom administrativt og vitenskapleg tilsette.

d)

Eigendefinert: Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader skal ikkje vere over 63 %.

Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader vart 63,5 %. Dette er noko høgare enn målet på 63 % for 2010, og om lag 1 %-poeng høgare enn i 2009. Høgskolen har hatt ein vesentleg auke i talet på tilsette i 2010. Høgskolen følgjer utviklinga nøye framover, slik at handlingsromet ikkje skal bli redusert i vesentleg grad.

e)

Kostnader per eigenfinansiert heiltidsekvivalent korrigert for løns- og prisvekst skal ikkje vere over kr 99 000.

Høgskolen nyttar konsumprisindeksen til SSB med 2004-kroner som korreksjonsgrunnlag for løns- og prisvekst. Kostnader per eigenfinansiert heiltidsekvivalent korrigert for løns- og prisvekst blei om lag kr 94 000 i 2010, som i 2009. Høgskolen er nøgd med resultatet for 2010, som var om lag på nivå med måtalet.

f)

Eigendefinert: Areal per eigenfinansiert student skal ikkje vere over 14 m².

Arealet per eigenfinansiert student blei 13,7 m² i 2010. Talet som blei rapportert for 2009, var for lågt då talet for alle studentar blei nytta dette året.

I løpet av 2010 blei arealet i Porsgrunn auka ved at eit nytt bygg blei leigd. Dette bygget har eit areal på 889 m².

Verksemdsmål 4.2

Høgskolen i Telemark skal gjennom personalpolitikken sin medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

| Styringsparametrar | Resultat | | | Ambisjonsnivå |
|---|----------|------|------|---------------|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
| a) Del første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar | 0,36 | 0,38 | 0,40 | 0,45 |
| b) Del av kvinner totalt | 0,52 | 0,51 | 0,52 | - |
| Del kvinner i faglege stillingar etter stillingskategori | 0,48 | 0,46 | 0,47 | 0,48 |
| • professor | 0,23 | 0,17 | 0,17 | |
| • høgskoledosent | 0 | 0,50 | 0,67 | |
| • førsteamanuensis | 0,35 | 0,31 | 0,31 | |
| • førstelektor | 0,29 | 0,36 | 0,41 | |
| • høgskolelektor | 0,56 | 0,54 | 0,56 | |
| • amanuensis | 0,20 | 0,28 | 0 | |
| • høgskolelærer | 0,64 | 0,62 | 0,63 | |
| Styringsparametrar fastsette av høgskolen | | | | |
| c) Del kvinner i leiarstillingar | 0,34 | 0,39 | 0,31 | 0,40 |
| d) Del av kvinner i første- og toppstillingar | 0,30 | 0,29 | 0,30 | 0,35 |

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

Høgskolen har i hovudsak nådd måla innanfor dette verksemdsmålet, sjølv om det står att nokre utfordringar. Det gjeld særleg å auke prosentdelen første- og toppstillingar, og å auke prosentdelen kvinner i første- og toppstillingar og i leiarstillingar.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a)

Del førstestillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar skal auke frå 0,38 til minst 0,40.

Som det går fram, var det ein viss auke i prosentdelen første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar i perioden 2008 til 2010. Sjølv om auken var moderat, vart resultatmålet for 2010 nådd. Dersom resultatmålet i strategisk plan for 2010 – 2014 om at del første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar skal vere på minst 0,55 i 2014, må høgskolen intensivere arbeidet med å rekruttere til denne typen stillingar. Ulike tiltak med sikte på både intern og ekstern rekruttering til desse stillingane må vurderast, og det må setjast av naudsynte ressursar til slike tiltak. Det etablerte førstelektorprogrammet i høgskolen er døme på eit slikt tiltak, men dette må supplerast med andre tiltak.

b)

Del av kvinner totalt og etter stillingskategori skal overvakast.

Del av kvinner totalt i høgskolen og del av kvinner i undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar har vore relativt stabil dei siste åra. Samla sett har høgskolen ein tilfredsstillande kjønnsbalanse som det må vere eit mål å vidareføre.

c)

Eigendefinert: Del av kvinner i leiarstillingar skal auke frå 0,39 til minst 0,40.

Prosentdelen kvinner i leiarstillingar gjekk ned frå 39 % til 31 % frå 2009 til 2010. Stillingsgruppa leiarstillingar er relativt lita, og nyttilsetjing i berre ei leiarstilling kan difor utgjere ei endring på fleire prosent. Målet om å auke delen av kvinner i leiarstillingar står fast. Når høgskolen skal tilsetje mange nye leiarar frå 01.08.11, vil det bli lagt vekt på å få eit breitt og godt søkjargrunnlag til desse stillingane der kvinner er godt representerte.

d)

Eigendefinert: Del av kvinner i første- og toppstillingar (faste tilsette i årsverk) skal auke frå 0,29 til minst 0,32.

Høgskolen ser det som viktig å arbeide systematisk og strukturert med sikte på at del av kvinner i første- og toppstillingar framleis skal auke i åra som kjem. Handlingsplanen for likestilling i høgskolen, som vart vedteken av styret i 2008, har fokus på rekruttering til faglege første- og toppstillingar og leiarstillingar. Med utgangspunkt i denne planen er det sett i verk fleire tiltak for å auke kvinnedelen i desse stillingskategoriane. Resultatet av desse tiltaka vil truleg for alvor kome til syne om nokre år.

Økonomiforvaltning

Verksemnds mål 4.3

Høgskolen i Telemark skal syte for høg kvalitet i økonomiforvaltninga. I dei strategiske prioriteringane skal det takast omsyn til god intern kontroll og effektiv ressursforvaltning.

| Styringsparametrar | Resultat | | | Ambisjonsnivå |
|---|----------|-------|------|---------------|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
| a) Likviditetsgraden (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld) | 1,65 | 1,85 | 2,00 | 2,00 |
| b) Avrekningar (gjennomføringa av budsjettet i rekneskapsåret) | - 10,30 | 11,8* | 14,4 | - 4,0 |
| Styringsparametrar fastsette av høgskolen | | | | |
| c) Det skal ikkje kome vesentlege negative merknader frå Riksrevisjonen | 0 | 0 | | 0 |

*Dette talet er basert på endelege regnskapstal. Talet i DBH (12,2) er basert på førebelse regnskapstal.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemnds målet)

HiT meiner dette verksemnds målet er oppfylt.

Avrekningane auka med om lag 5 mill. kroner frå 2006 til 2007, medan dei gjekk ned med om lag 10,3 mill. kroner frå 2007 til 2008. Hovudårsaka til dette var disponering av midlar frå høgskolen sitt utbyggingsfond til ombygging av bygningsmassen i Porsgrunn. Ombygginga er no ferdigstilt. Hovuddelen av ombyggingskostnadene blei betalt i 2008, og dette var hovudgrunnen til at avrekningane gjekk ned i 2008. Dei rekneskapsmessige resultatata for 2007 og 2008 var såleis om lag som venta.

Avrekningane auka med totalt 11,8 mill. kroner frå 2008 til 2009, og auka ytterlegare med 14,4 mill. kroner frå 2009 til 2010. Høgskolen venta i byrjinga av 2009, då måltala blei sette, ein nedgang på om lag 4 mill. kroner. Auken i mindreforbruket frå 2009 til 2010 skuldast i hovudsak at midlar som skal brukast seinare år til fastsette føremål, er haldne attende.

HiT har motteke vesentlege øyremerkte midlar i 2010, til dømes midlar knytte til Rettleiing av nyutdanna lærarar, Pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen, Arbeidsrelatert førskolelærarutdanning og Kompetansemidlar i norsk, matematikk og kunst/handverk. Ein vesentleg del av desse midlane, om lag 4,5 mill. kroner, blei ikkje nytta i 2010, og medverkar til å auke det totale avsetjingsnivået i 2010.

I tillegg er det klårt at nokre av kostnadene knytte til den nye grunnskolelærarutdanninga ikkje kjem før i seinare år, og høgskolen har valt å halde midlar til rådvelde for åra framover til det kjem utteljing gjennom studiepoengproduksjonen.

Det har òg vore naudsynt å omdisponere midlar til kompetansebygging, for å møte krava frå NOKUT knytte til førskolelærarutdanninga.

Dei eksterne tildelingane medverka til at det blei overført vesentlege beløp i form av refusjon av lønskostnader og indirekte kostnader. Avsetjingar knytte til øyremerkte tiltak var per 31.12.08 berre på om lag 1,8 mill. kroner, dvs. ein auke på om lag 6,5 mill. kroner frå 2008 til 2009. Dette var ikkje kjent i byrjinga av året.

I tillegg til desse årsakene til auka avsetjingar, blei det i 2010 sett i verk tiltak for å redusere driftskostnadene ved enkelte driftseiningar i høgskolen som hadde utfordringar med å tilpasse aktivitetsnivået til eigne løyvingar. Tiltaka som blei sette i verk, har medverka til å redusere kostnadene og dermed også auka avsetjingane meir enn det som var planlagt i byrjinga av året.

Styret meiner at kvaliteten i økonomiforvaltninga er på eit tilfredsstillande nivå. HiT har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen korkje i 2009 eller tidlegare år tilbake til 2003, etter overgangen til nytt rekneskapsprinsipp. Høgskolen hadde heller ingen vesentlege avvik i KDs tilbakemeldingar knytte til rekneskapsavslutninga for 2. tertial 2010, jf. brev frå KD av 5.12.2010, ref. 201003923.

I januar 2010 blei det innført reviderte interne retningslinjer knytte til meirverdiavgiftsregelverket og praktiseringa av det. Dei nye retningslinjene er langt meir utfyllande og klårgjerande enn dei gamle, med omtale av dei mest vanlege problemområda. Praktiseringa av meirverdiavgiftsregelverket har òg vore tema på eit internt økonomiforum for alle økonomimedarbeidarane i høgskolen og på Inntektsdagen.

Høgskolens system for tidsregistrering og dokumentasjon ved utbetaling av overtidsgodtgjersle må kunne seiast å ha vore tilfredsstillande i 2010. Høgskolen krev m.a. full dokumentasjon i form av tidsregistrering for alle før overtidsgodtgjersle blir betalt ut.

Høgskolen gjennomfører jamlege interne økonomiforumsmøte der alle driftseiningane deltek med sikte på å betre økonomiforvaltninga. I 2010 har ein såleis teke opp meirverdiavgiftsregelverket, innkjøp, oppfølging av stipendiatmidlar, handtering av utbetaling til eksamensvakter/pensjonistar, sjukeløn, og budsjettering og prognostisering. I tillegg har det vore arrangert eigne fagdagar, som Inntektsdagen og Årsrekneskapsdagen.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a)

Likviditetsgraden (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld) skal vere 1,85.

Likviditetsgraden vart 2,00. Avviket oppfatast som positivt og blir ikkje omtala vidare.

b)

Avrekningar (tilgang/avgang i avsetjingar) skal vere minus 4 mill. kroner.

Avrekningane auka med totalt 14,4 mill. kroner frå 2009 til 2010, medan høgskolen i byrjinga av 2010, då målalet vart sett, venta ein nedgang på om lag 4 mill. kroner. Auken i mindreforbruket frå 2009 til 2010 skuldast i hovudsak at midlar som skal brukast seinare år til fastsette føremål, er haldne attende.

c)

Eigendefinert: Det skal ikkje kome vesentlege negative merknader frå Riksrevisjonen.

Styret er godt nøgd med at HiT ikkje har motteke vesentlege kritiske merknader frå Riksrevisjonen for rekneskapen for 2009.

Verksemdsmål 4.4

Høgskolen i Telemark skal medverke til at nasjonale kunnskapsressursar blir forvalta heilskapleg og til at oppgåver blir løyste og ansvar blir fordelt gjennom samarbeid.

| Styringsparametrar | Resultat | | | Ambisjonsnivå |
|--|----------|------|------|---------------|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
| a) Talet på studietilbod i samarbeid med andre norske institusjonar (fellesgradar) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Styringsparametrar fastsette av høgskolen | | | | |
| b) Avtalen med Universitetet i Agder om institusjonelt nettverkssamarbeid skal følgjast opp. | | | | |
| c) Fagleg fundert samarbeid med fagmiljø ved andre universitet og høgskolar skal styrkjast og vidareutviklast, jf. m.a. SAK-prosjekta. | | | | |

Sjølv om ikkje HiT har etablert fellesgrader med andre norske institusjonar, meiner HiT at dette verksemdsmålet er nådd. Det vert då vist til at høgskolen på mange ulike måtar har eit omfattande og godt samarbeid med andre norske institusjonar.

I denne samanhengen er det spesielt grunn til å nemne det pågåande samarbeidet med UiA om ei utgreiing om spørsmålet om fusjon av eller utvida samarbeid mellom dei to institusjonane. Det vert elles vist til SAK-prosjekta.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a)

Talet på studietilbod i samarbeid med andre norske institusjonar (fellesgradar) skal vere 1.

Høgskolen har førebels ikkje etablert fellesgradar med andre institusjonar.

b)

Avtalen med Universitet i Agder om institusjonelt nettverkssamarbeid skal følgjast opp.

Avtalen med UiA om institusjonelt nettverkssamarbeid er følgd opp og har i 2010 m.a. resultert i eit konkret ugreiingsprosjekt om mogleg fusjonering eller nærare samarbeid, sjå omtale under punkt 1.2 og under verksemdsmål 1.0 ovanfor.

c)

Fagleg fundert samarbeid med fagmiljø ved andre universitet og høgskolar skal styrkjast og vidareutviklast, jf. m.a. SAK-prosjekta.

Under er vist til eksempel på samarbeid som HiT deltek i:

- Det er oppretta eit mastergradsstudium i fri programvare i samarbeid med UiA, IKT Grenland og bedriftsnettverket DIGIN i Agder.
- Forsking på vatn og økologi skjer mellom anna i samarbeid med UiA.
- Gjennom Senter for omsorgsforskning-Sør har HiT etablert eit tett og strategisk viktig samarbeid med UiA om fagmiljø og eksterne oppdrag.
- HiT samarbeider tett med NOVA om å gjennomføre Ungdata i Telemark. Her er det inngått avtale om arbeidsdeling og kunnskapsforvaltning i utvalde kommunar.
- HiT arbeider med å etablere Sydnorsk forskarskole innan teknologi saman med UiA og Universitetet i Stavanger (UiS). Her vil det inngå felles emne på PhD-nivå mellom dei tre institusjonane (sjå elles eigen omtale om SAK under Anna rapportering nedanfor).
- HiT samarbeider med Høgskolen i Volda og Høgskolen i Oslo om Kompetanse for kvalitet innan formgjeving, kunst og handverk, og med høgskolane i Østfold, Vestfold og Buskerud om Kompetanse for kvalitet innan lesing.
- HiT samarbeider i Region Sør-Vest med Universitetet i Agder og Universitetet i Stavanger om grunnskolelærerutdanning, med sikte på framtidig samarbeid om master- og doktorgradsutdanningar (sjå eigen omtale om SAK under Anna rapportering).
- I samarbeid med UiA skal HiT greie ut om det er mogleg å gjere om vidareutdanning i Aldring og eldreomsorg til ein del av mastergradsstudiet i helsevitenskap ved UIA (sjå eigen omtale om SAK under Anna rapportering).
- UiA og HiT vurderer samarbeid om studieløp og forskingsaktivitetar innan natur-, helse- og miljøvern fag (sjå eigen omtale om SAK under Anna rapportering).
- HiT planlegg eit felles emne innan "etikk og vitskapsfilosofi" i samarbeid med UiA og UiS.
- HiT samarbeider med Åbo Akademi om doktorgradskurs innan Sløydpedagogikk og det vert søkt om EU-midlar til joint master i kroppsøving. Regionen har også samarbeidsprosjekt innan internasjonalisering i grunnskolelærerutdanning.

Målområde for særleg vektlegging (for sektormålet samla)

Vurdere korleis strategiske val i økonomisk prioritering og rekruttering underbygger faglege ambisjonar innan forskning og utdanning.

I tillegg til budsjettfordeling for 2010 utarbeidde høgskolen i 2009 òg eit eige langtidsbudsjett for perioden 2011–2014. Slik økonomiregelverket i staten er utforma, kan styret ikkje vedta konkrete budsjett for perioden 2011–2014. Styret har difor teke saka til orientering.

Langtidsbudsjettet blei styrebehandla 18. desember 2009, og er eit viktig verkty som m.a. skal medverke til å gje høgskolen:

- Eit grunnlag for langsiktige prioriteringar og kunnskap om kva slike prioriteringar vil innebere økonomisk.
- Eit grunnlag for å vurdere status for opptrappingsplanen for universitetssatsinga og realismen i den vidare satsinga basert på økonomiske analysar.

Innan utdanning har høgskolen lagt seg på eit prinsipp om at avdelingane samla sett får ein relativt lik prosentvis del av HiTs totale årlege løyving frå KD som ei grunnløyving før ulike tiltak blir prioriterte. Dette

er for å sikre at utdanningskvaliteten ligg på eit tilfredsstillande nivå over tid, slik at m.a. universitetssatsinga ikkje skal redusere kvaliteten på den utdanninga høgskolen gjev i eksisterande studieprogram.

Når det gjeld prioritering av FoU-ressursar, blir det vist til omtale under sektormål 2.

Styret har i 2010 oppretta eit eige utdanningsutval som skal vere eit rådgjevande organ for styret og høgskoleleiinga når det gjeld utdanning og utdanningskvalitet. Det er prioritert ressursar til dette både i 2010, 2011 og utover i langtidsperioden fram til 2015.

Talet på publikasjonspoeng gjekk vesentleg ned frå 2007 til 2008, men auka noko frå 2008 til 2009, og med ein vesentleg auke frå 2009 til 2010. Utviklinga på dette området har blitt nærare analysert i 2010, og det er m.a. sett nærare på ei differensiering av tid til forskning. I 2010 har høgskolen òg prioritert ressursar for å dekkje avgifter for å publisere i Open Access-tidsskrift som eit tiltak for å auke talet på publikasjonspoeng knytt til slik publisering.

Innan forskning set høgskolen i tillegg av økonomiske ressursar til tiltak som FoU-permisjonar, forskingsdagar, stimuleringsmidlar for BOA, regional FoU og innovasjon (VRI), og mellombels ordning for små driftsmidlar frå Forskringsrådet (høgskolen set av 60 %, mot å få 40 % frå Forskringsrådet). Økonomiske ressursar til desse tiltaka låg i 2010 på om lag same nivå som tidlegare år.

Når det gjeld rekruttering, blir det lagt særleg vekt på å sikre høg og relevant undervisnings- og forskingskompetanse på fagleg strategiske satsingsområde som grunnskolelærerutdanningane, mastergradsstudium og doktorgradsstudium og på område som nyleg har vore evaluerte av NOKUT (førskolelærerutdanning).

Vurdere høgskolens oppfølging av personalpolitiske verkemidlar som medverkar til å realisere målet om eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

Medarbeidarundersøking

HiT skal kvart anna år gjennomføre ei medarbeidarundersøking om kor nøgde medarbeidarane er. Tema for undersøkinga er arbeidsmiljø og leiing. Undersøkinga blei første gong gjennomført i 2008. Ny undersøking vart gjennomført hausten 2010.

Rapportane frå denne undersøkinga er utgangspunkt for eit oppfølgingsarbeid i dei ulike organisasjonseiningane i høgskolen. Arbeidet med å gjennomføre tiltaksplanane starta så snart planane var klære, og vil halde fram utover i 2011.

Det er lagt opp til ein toårig syklus slik at det skal gjennomførast ei undersøking kvar annan haust med etterfølgjande forbetningsarbeid i perioden fram til neste undersøking. På den måten vil høgskolen ha eit kontinuerleg fokus på arbeidsmiljø og leiing.

Arbeid med helse, miljø og tryggleik

Det fysiske arbeidsmiljøet er sikra ved gjennomføring av internkontrollrundar med vurdering av risikoforhold og tiltak ved studiestadene. Det er kjøpt inn hjelpemiddel som tilpassa stol og heve- og senkebord til tilsette som står i fare for å bli sjukmelde grunna rygg- og belastningsplager, slik at dei betre kan klare arbeidskvardagen.

For å auke trivselen og samhandlinga på tvers av avdelingane er det arrangert ein inspirasjonsdag for alle tilsette.

Høgskolen arbeider systematisk og kontinuerleg med helse, miljø og tryggleik og har fokus både på det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet. Høgskolen har og velfungerande lokal- og hovud-AMU der saker som gjeld arbeidsmiljøet blir tekne opp og drøfta.

Sjukefråvær

Det har vore ein nedgang i sjukefråværet ved høgskolen det siste året, frå 4,3 % til 3,7 %. Det er ein nedgang på nærare 15 % på eitt år. Det er ei positiv utvikling, og høgskolen har fokusert på ulike tiltak som kan redusere sjukefråværet ytterlegare.

Høgskolen gjev medarbeidarane tilbod om at ein time av arbeidstida pr. veke kan brukast til felles helsefremjande aktivitetar. Dette blir gjort for både å styrkje arbeidsmiljøet og førebyggje moglege belastningsskadar. Aktivitetane er organiserte i regi av høgskolen.

Ein meir detaljert statistikk over sjukefråværet er utarbeidd for å få betre oversyn over korleis fråværet er fordelt mellom kjønn og mellom langtids- og korttidsfråvær. Trenden er at kvinner har høgare sjukefråvær enn menn. Sjukefråvær over åtte veker utgjer den største delen av sjukefråværet. Det eigenmelde fråværet er i snitt 0,6 %, medan sjukefråvær over åtte veker er 2,2 % i snitt.

Det kan synast som om eit kontinuerleg fokus på sjukefråværet og dei ulike tiltaka har medverka til nedgang i sjukefråværet. Høgskolen ønskjer å halde sjukefråværet på eit så lågt nivå som mogleg og vil halde fram med systematisk arbeid med sjukefråværsproblematikken.

Vurdere høgskolens oppfølging av gjeldande regelverk for offentlege innkjøp og forvaltning av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet.

Høgskolen meiner å ha god kontroll med dei store innkjøpa. Talet på kunngjeringar er lågt, og i 2010 kunngjorde høgskolen berre seks konkurransar. Fakturasystemet Contempus Invoice gjev god kontroll med fakturaene.

Høgskolen har oppdaterte retningslinjer og rutinar knytte til innkjøp. Høgskolen har byrja å nytte bestillingssystemet Proceedo i 2010, men grunna nytt felles system for tingings- og fakturahandtering er det sett på vent til våren 2011. Det har vore både tidkrevjande og teknisk utfordrande å få dette verktøyet implementert, og det fører til at ein må sjå på den organisatoriske innretninga rundt dette i 2011. Høgskolen har òg teke i bruk konkurransegjennomføringsverktøyet KGV i 2010, og har kunngjort ein konkurranse gjennom dette systemet. Dette medverkar ytterlegare til å betre gjennomføringa av større innkjøp.

Styret fastsette nye retningslinjer for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet basert på nytt regelverk frå KD i 2008. Høgskolen har hatt fokus på forvaltninga av dette òg i 2010, m.a. har høgskolen vore oppteken av at føremålet er definert og forankra før oppstart av nye prosjekt. Det er framleis rom for betringar på dette området, og høgskolen planlegg å innføre et prosjektstyringsverktøy i 2011.

Vurdere høgskolen si oppfølging av internkontroll, ref. reglement for økonomistyring i staten § 14 – relatert både til system og kvalitetsrutinar.

Styret meiner at eigen internkontroll er tilfredsstillande, men at det framleis er rom for betringar.

Driftseiningane i høgskolen held seg i all hovudsak innanfor dei økonomiske rammene som gjeld til kvar tid. Rammene blir følgde opp ved jamleg statusgjennomgang ved driftseiningane, og institusjonen arbeider ut økonomiske statusrapportar som blir styrebehandla saman med tertialrapportane. Det blir lagt vekt på prognose per 31.12. Ordninga med at styret fastset stillingsrammer for driftseiningane medverkar òg til å sikre kontroll over lønnskostnadene. Høgskoleleiinga har gjennomført møte med ei av avdelingane i 2010 for å syte for at drifta ved avdelinga blir tilpassa dei økonomiske rammevilkåra.

Styret er godt nøgd med system og rutinar for måloppnåing og resultatoppfølging. Det er likevel rom for betringar i oppfølginga av mål- og resultatkrav, og høgskolen arbeider aktivt med dette.

System og rutinar knytte til rekneskap og informasjon om resultat er tilfredsstillande. Den same vurderinga gjeld òg systema som skal sikre at verksemda sine verdiar blir forvalta på ein forsvarleg måte, at ressursbruken er effektiv, og at økonomistyringa er organisert på ein tilfredsstillande måte.

Det blir arbeidd jamleg med å betre system og rutinar knytte til førebygging og avdekking av økonomisk kriminalitet. Økonomiseksjonen har arbeidd med dette i 2010, og har m.a. prioritert kontroll av utbetalingsunderlag. Det vil bli arbeidd vidare med dette også i 2011.

Vurdere høgskolen sitt arbeid med å redusere mellombels tilsetjing i ordinære utdannings- og forskarstillingar.

Høgskolen vil følgje opp dei framlegga til tiltak for å redusere mellombelse tilsetjingar som er nemnde i brev 19.11.10 frå KD. I samsvar med dette vil høgskolen gå gjennom alle sine mellombelse tilsetjingar, og utarbeide eit systematisk oversyn over heimelsgrunnlag, tidslengd og andre relevante tilhøve knytte til desse tilsetjingane. Vidare vil det bli vurdert å innføre betre rutinar med sikte på å skaffe betre oversyn over utviklinga av mellombelse tilsetjingar. Det vil òg bli innført ei ordning med årlege drøftingar med organisasjonane om bruken av mellombelse tilsetjingar. Dessutan vil det bli teke sikte på at spørsmålet om mellombelse tilsetjingar skal vere eit tema i samband med leiaropplæringa i høgskolen.

Anna rapportering

Samarbeid, arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon (SAK)

I tildelingsbrevet for HiT 2010 står det under punkt 5.2.4 (s. 25) følgjande: ”*Det skal gis en beskrivelse av institusjonens arbeid med SAK innenfor alle målene, herunder hvordan dette skal bidra til å nå sektormålene. Institusjonen bør også beskrive aktuelle SAK-prosesser institusjonen vil delta i, og hvordan slike prosesser kan bidra til å utvikle institusjonen innen prioriterte områder.*”

HiT fekk støtte til følgjande SAK-prosjekt i 2010:

- Samarbeidsprosjekt innan økologi og vassmiljø ved HiT og UiA (HiT kr 150 000, UiA kr 150 000)
- Samarbeidsprosjekt innan aldring og eldreomsorg ved HiT og UiA (HiT kr 200 000, UiA kr 200 000)
- Samarbeidsprosjekt om forskarutdanning innan teknologi – ”Sørnorsk forskarskole innan teknologi” ved UiA, UiS og HiT (HiT kr 150 000, UiA kr 150 000)

Samarbeidsprosjekt innan økologi- og vassmiljø ved HiT og UiA.

UiA (Institutt for naturvitskaplege fag) og HiT (Institutt for natur-, helse- og miljøvern) hadde felles seminar i oktober 2010, som ei oppfølging av SAK-samarbeidet. Resultatet av seminaret var oppfølgingspunkt som går på: Samarbeidsavtale og synleggjering av miljøa til kvarandre ved studiestadene, utveksling av studentar (HiT har master og PhD - UiA har ikkje), undersøkje om det er grunnlag for felles emne gjennom E-læring og vere opne i høve til rekruttering, forskingsaktivitetar og -infrastruktur med tanke på felles nytte.

Samarbeidsprosjekt innan aldring og eldreomsorg ved HiT og UiA.

I 2010 fekk UiAs Fakultet for helse- og idrettsfag og HiTs Avdeling for helse og sosialfag tildelt kr 400 000, dvs. 200 000 til kvar institusjon, etter søknad. Målsetjinga med dette var å greie ut om det er mogleg å gjere om vidareutdanning i Aldring og eldreomsorg til ein del av mastergradsstudiet i helsevitskap ved UiA. Om ein lukkast her, vil det vere ein viktig milepæl i fagleg samarbeid. Det vil òg vere viktig regionalt, spesielt for Telemark og Vestfold. Desse fylka vil då få tilgang på ei utdanning som vil styrkje den regionale kompetansen i omsorgstenestene.

Samarbeidsprosjekt om forskarutdanning innan teknologi – ”Sørnorsk forskarskole innan teknologi” ved UiA, UiS og HiT.

HiT og universiteta i Agder og Stavanger har greidd ut mogleg etablering av ein felles forskarskole innan teknologi. Føremålet med tiltaket er å gjere PhD-utdanningane ved institusjonane meir attraktive gjennom å:

- dele kompetanse og ressursar til beste for studentane ved å tilby eit breiare val av PhD-emne, fleire moglege rettleiarar, betre tilgang på laboratoriefasilitetar og attraktive fellesarrangement,
- høgde kvaliteten på PhD-utdanningane ved å dele “best practices”, ha felles ambisjonar om kvalitet, sertifisering av rettleiarar, hjelp ved rettleiing av studentar og felles utvikling av PhD-emne,

- raskare etablering av nye forskingsområde gjennom forskingssamarbeid, samarbeid om finansiering, tilbod til industrien og marknadsføring av stipendiat- og post-doc stillingar.

Det er utarbeidd ein framdriftsplan for samarbeidet. Institusjonane har så langt stilt til rådvelde midlar til samarbeidet frå institusjonane sine SAK-midlar. For å sikre at det er nok med ressursar tilgjengeleg ved HiT til gjennomføring av tiltaket, er det løyvd eit tilsvarande beløp frå TF sine PhD-midlar. Midlane vil hovudsakleg bli nytta for å kjøpe fri tilsette ved avdelinga for å kunne arbeide med tiltaket våren 2011.

Partnerane har i løpet av hausten bestemt å gå vidare i etableringa av forskarskolen. Dei har gjennomgått kvarandre sin portefølje for PhD-emne, og opnar for at studentar kan ta kurs hjå kvarandre. I tillegg planlegg dei det første felles emnet innan "etikk og vitskapsfilosofi" (oppstart juni 2011). Det vert òg planlagt PhD-rettleiing på tvers av institusjonane og samarbeid om PhD-prosjekt. Elles er no Høgskolen i Gjøvik òg invitert med i samarbeidet med sitt PhD-program innan Informasjonstryggleik. Dermed omfattar samarbeidet no ni ulike PhD-program innan teknologiske fag.

Samarbeid om dei nye grunnskolelærerutdanningane

Universitetet i Stavanger, UiA og HiT samarbeider om dei nye grunnskolelærerutdanningane som blei starta hausten 2010. KD tildelte 3 mill. kroner til vidareutvikling av samarbeidet i regionen. Midlane blei fordelt likt mellom dei tre institusjonane og det vert samarbeidd om følgjande tre prosjekt (institusjon med hovudansvar i parentes):

- Nettbasert undervisning (HiT)
- Kompetanseutvikling innan undervisning og læring for lærarutdannarar, på campus, og i praksisfelt (UiA)
- Praksis og skolenær forskning (UiS)

HiT sitt delprosjekt gjeld bruk av digitale medium, og er delt i tre underprosjekt.

1

HiT har arbeidd ut eit nettbasert kurs for opplæring av praksislærarar. Opplegget er lagt til rette for praksislærarar ved nettbaserte studium ved at det er lagt vekt på særskilte problemstillingar ved denne studieforma, men det kan også nyttast av praksislærarar ved ordinære studium fordi den grunnleggjande kvalifiseringa innan rettleiing av studentar vil vere den same ved begge studieformer.

2

HiT har etablert ei prosjektgruppe som skal utvikle og vurdere kommunikasjon mellom student, høgskole og praksisskole i praksisopplæringa i nettbasert grunnskolelærerutdanning. Prosjektet omfattar pedagogiske, tekniske og etiske problemstillingar. Dialog og samhandling mellom høgskole og praksisskole vil endrast i løpet av dei fire eller fem åra studentane er under utdanning, basert på fagleg progresjon i studiet, erfaringar frå tidlegare praksisperiodar og også vidareutvikling av tekniske løysingar. Prosjektet vil difor gå over fleire år. Resultat frå dette prosjektet vil vere til nytte der praksisskolen ligg i avstand frå lærestaden, slik at ein slepp å bruke for mykje tid til reiser.

3

For Sør-Vestregionen er felles mastergradsutdanningar og utveksling av kompetanse på mastergradsnivå det mest aktuelle området for samarbeid og arbeidsdeling når det gjeld utdanning. HiT vil starte arbeidet med å utvikle former for nettbasert undervisning og rettleiing på mastergradsnivå der element frå dei tre institusjonane inngår.

Rapportering om forvaltning av fullmakter

Høgskolen hadde eigarinteresse i berre to aksjeselskap i 2009.

Eigarinteressa i selskapet Etnisk Musikkklubb er på to aksjar med ein samla kostpris på kr 2 000. Eigarinteressa i selskapet vil bli søkt avvikla i 2011.

Høgskolen vil vidareføre eigarinteressa i selskapet Vitenl@ben AS. Selskapet blei stifta 08.02.07, og har ein

samla aksjekapital på kr 120 000 fordelt på 1 200 aksjar kvar pålydande kr 100. Staten, ved HiT, eig per 31. desember 2010 400 aksjar, noko som tilsvarar 33,33 prosent av samla aksjekapital.

Hovudmålet med eigarskapen i Vitenl@ben AS er å medverke til auka fokus på realfag og rekruttering til studieprogam som krev realfagskompetanse, særleg innan informatikk- og teknologistudium. HiTs kandidatar frå desse studieprogramma er etterspurde både regionalt og nasjonalt, og høgskolen klarer per i dag ikkje å støtte næringslivet sine behov for kandidatar på desse områda. Det er difor viktig for høgskolen å delta på eigarsida i selskap som Vitenl@ben, som medverkar til å auke medvitet om behovet for denne typen kunnskap.

Større investeringsprosjekt

HiT har planlagt eit større investeringsprosjekt. Dette gjeld auka areal ved studiestad Porsgrunn, og vil bli gjennomført som eit kurantprosjekt i regi av Statsbygg der auka leigekostnader blir tekne innanfor eiga budsjettamme. Prosjektet vil omfatte nybygging av eit stort auditorium med eit bruttoareal på om lag 710 m², ein ny kontorfløy med eit bruttoareal på om lag 350 m², og om-/ utbygging av biblioteket med eit bruttoareal på om lag 300 m². Prosjektet skal stå ferdig innan 1. januar 2013.

Samfunnstryggleik og beredskap

Policy for informasjonstryggleiken ved Høgskolen i Telemark blei vedteken av styret 24.09.09. Planen omhandlar leiinga sitt formål med informasjonstryggleik, mål, omfang og definisjonar, prinsipp, rollar og ansvarsområde. HiTs tryggleiksforum gjekk i 2010 gjennom status for arbeidet på dette feltet og fastsette ein del nye rutinar.

Høgskolen hadde fokus på krisehandtering i 2009. Det er difor gjort mindre på dette område i 2010. I 2010 er varslingslista i krisehandteringsplanen revidert. Planen inneheld etter dette også eit punkt om korleis ein skal gå fram ved ulukker i utlandet.

Høgskolen har vidare gjennomført førstehjelpskurs for tilsette i 2010. Desse kursa vil halde fram i 2011.

HiT sine planar for oppfølging av tildelte studieplassar

HiT fekk tildelt midlar til 15 nye, frie studieplassar i kategori D med halvårseffekt for 2011.

Styret vedtok i S-sak 103/10 at desse midlane skal fordelast til følgjande tre mastergradsstudium: Mastergradsstudium i kroppsøvnings-, idretts- og friluftslivsfag (5), mastergradsstudium i natur-, helse- og miljøvern fag (5) og mastergradsstudium i kulturstudiar (5). Det er for tida god søkning til desse studia.

I tildelingsbrevet for 2011 fekk HiT tildelt midlar til fire studieplassar i kategori E med halvårseffekt for 2011 til utdanning av rettleiarar av nytilsette/nyutdanna lærarar og førskolelærarar. Midlane vil bli brukte til utdanning av rettleiarar for nyutdanna lærarar.

Rapportering om studentkapasitet

HiT legg til grunn at KD her etterspør kapasitet til å auke tale på studieplassar på studieprogram som med dagens kapasitet er fulle (lukka), og der det er behov for friske midlar for å ta inn fleire studentar.

HiT kan auke kapasiteten på kort sikt (2012) med studieplassar innan følgjande fagområde:

- Økonomisk/administrative fag:
Eigedomsmeklarstudiet

- Lærerutdanning og anna pedagogisk nettbasert utdanning:

| | |
|--------------------------------------|----|
| Grunnskolelærerutdanning (nett) | 30 |
| Praktisk-pedagogisk utdanning (nett) | 30 |
| Førskolelærerutdanning | 30 |

- Ingeniørutdanning:

| | |
|-------------------|----|
| Bachelorgradsnivå | 30 |
| Mastergradsnivå | 15 |

HiT kan ikkje auke studentkapasiteten innan helse- og sosialfag. Dette skuldast i all hovudsak for liten tilgang på relevante praksisplassar og manglande kapasitet både fagleg og administrativt.

3. Planar for 2011

3.1 Plan for verksemda i 2011

Sektormål 1

HiT skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

Verksemdsmål 1.0 (eigendefinert)

HiT har universitetsetablering, eventuelt vidareutvikling av universitetsfunksjonane i Telemark, som mål, og skal realisere det gjennom samanslåing eller utvida forpliktande samarbeid med andre institusjonar.

Eigendefinerte styringsparametrar:

- a) Mottekne førebels signal frå kommunane i Telemark om støtte til finansiering av universitetssatsinga skal analyserast vidare i samarbeid med eksterne interessentar.
- b) Det skal avklarast om det er aktuelt med meir forpliktande samarbeid eller fusjon med Universitetet i Agder.
- c) HiT skal setje i gang doktorgradsstudium i økologi.
- d) HiT skal få akkreditert doktorgradsstudium i kulturstudiar.
- e) HiT skal sende søknad om akkreditering av doktorgradsstudium i helsefremjande arbeid.
- f) HiT skal setje i gang mastergradsstudium i pedagogikk med vekt på didaktikk og leiing.
- g) Det skal setjast av interne strategiske satsingsmidlar til planlegging og realisering av doktorgrads- og mastergradsstudia, i takt med ekstern finansiering.

Verksemdsmål 1.1

Høgskolen i Telemark skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnet sitt behov.

Kvantitative styringsparametrar:

- a) Talet på kvalifiserte førstevalssøkjjarar per studieplass skal vere minst 1,06.
- b) Eigendefinert: Talet på førstevalssøkjjarar i Samordna opptak skal vere minst 2 540.
- c) Eigendefinert: Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) skal vere minst 5 370.

Verksemdsmål 1.2

Høgskolen i Telemark skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.

Kvantitative styringsparametrar:

- a) Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år skal vere minst 47,4.
- b) Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere minst 19.
- c) Gjennomføring i høve til avtalte utdanningsplanar skal vere minst 0,90.
- d) Eigendefinert: Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar skal vere minst 4 244.
- e) Eigendefinert: Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar skal vere minst 130.
- f) Eigendefinert: Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar skal vere minst 800.
- g) Eigendefinert: Talet på uteksaminerte kandidatar fordelt på følgjande prioriterte område skal vere minst slik dei går fram i parentes: sjukepleiarutdanning (110), vernepleiarutdanning (50), allmennlærerutdanning (50), førskolelærerutdanning (150) og ingeniørutdanning (150).

Verksemdsmål 1.3

Høgskolen i Telemark skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som medverkar til auka utdanningskvalitet.

Kvantitative styringsparametrar:

- a) Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande) skal vere minst 175, av dei 55 utreisande.
- b) Talet på framandspråklege utdanningstilbod skal vere minst 45.
- c) Talet på studietilbod i samarbeid med utanlandske institusjonar (fellesgradar/Joint Degrees) (ikkje resultatmål).
- d) Eigendefinert: Talet på tilsette som blir utveksla via programavtalar skal vere minst 13.
- e) Eigendefinert: Omfanget av framandspråklege utdanningstilbod målt i studiepoeng skal liggje på 900.

Sektormål 2

HiT skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Verksemdsmål 2.1

Høgskolen i Telemark skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vere innretta og dimensjonert for å stette behova i sektoren og samfunnet elles.

Kvantitative styringsparametrar:

- a) Talet på uteksaminerte doktorgradskandidatar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (ikkje resultatmål for 2011).

- b) Prosentdel uteksaminerte doktorgradskandidatar av opptekne personar på doktorgradsprogram fem år tidlegare (ikkje resultatmål for 2011).
- c) Eigendefinert: Talet på avlagde doktorgradar tildelte av HiT (ikkje resultatmål for 2011).
- d) Eigendefinert: Talet på avlagde doktorgradar av personar HiT har arbeidsgjevaransvar for skal vere 8.

(FOTNOTE til a, b og c: dei første kandidatane vil tidlegast fullføre i 2012)

Verksemdsmål 2.4¹

Høgskolen i Telemark har som statleg høgskole eit særskilt ansvar for profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionen. Samstundes skal høgskolen innrette forskingsinnsatsen sin slik at det vert oppnådd resultat av høg internasjonal kvalitet innan fagområde der høgskolen tildeler doktorgrad, og samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forskning og utviklingsarbeid.

- a) Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal liggje på minst 0,25.
- b) Tildeling frå Forskringsrådet per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere på minst 18 000 kroner.
- c) EU-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (ikkje resultatmål).
- d) Eigendefinert: Talet på publikasjonspoeng skal vere minst 80.
- e) Eigendefinert: Talet på nye publikasjonar i TEORA skal vere 100.

Sektormål 3

HiT skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatata. Høgskolen skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Verksemdsmål 3.1

Høgskolen i Telemark skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultatata frå FoU-verksemda.

Verksemdsmål 3.2

Høgskolen i Telemark skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping.

Kvantitative styringsparametrar:

- a) Delen oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet av samla driftsinntekter skal vere 0,02.

¹ 2.2 gjeld universiteta og 2.3 gjeld dei vitskaplege høgskolane.

- b) Talet på nyoppretta selskap skal vere minst 1.
- c) Talet på mottekne forretningsidéar skal vere minst 5.
- d) Eigendefinert: Omfanget av den samla bidrags- og oppdragsfinansierte aktiviteten (BOA), alt utanom tildelt løyving over statsbudsjettet, skal vere minst 26 mill. kroner.
- e) Eigendefinert: Resultat av bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd skal auke til minst 600 000 kroner.

Sektormål 4

Høgskolane skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir stetta best mogleg innanfor ramma av disponible ressursar.

Verksemdsmål 4.1

Høgskolen i Telemark skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

Kvantitative styringsparametrar:

- a) Kostnader per produsert 60-studiepoengseining skal ikkje vere over kr 134 000 (nominelle tal).
- b) Driftsutgifter per publikasjonspoeng skal ikkje vere over 7 000.
- c) Høvetalet mellom vitskapleg og administrativt tilsette skal vere 2,35.
- d) Eigendefinert: Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader skal ikkje vere over 63,5.
- e) Eigendefinert: Kostnader per eigenfinansiert heiltidsekvivalent korrigert for løns- og prisvekst skal ikkje vere over 93 000 kroner.
- f) Eigendefinert: Areal per eigenfinansiert student skal ikkje vere over 14 kvm.

Verksemdsmål 4.2

Høgskolen i Telemark skal gjennom personalpolitikken sin medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

Kvantitative styringsparametrar:

- a) Del førstestillingar av det totale talet på undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar skal vere minst 0,45.
- b) Del av kvinner totalt og etter stillingskategori skal overvakast.
- c) Eigendefinert: Del av kvinner i leiarstillingar skal vere minst 0,40.
- d) Eigendefinert: Del av kvinner i første- og toppstillingar (faste tilsette i årsverk) skal vere minst 0,35.

Verksemdsmål 4.3

Høgskolen i Telemark skal syte for høg kvalitet i økonomiforvaltninga. I dei strategiske prioriteringane skal det takast omsyn til god intern kontroll og effektiv ressursforvaltning.

Kvantitative styringsparametrar:

- a) Likviditetsgraden (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld) skal vere 2,00.
- b) Avrekningar (gjennomføringa av budsjettet i rekneskapsåret) skal vere minus 4 mill. kroner.
- c) Eigendefinert: Det skal ikkje kome vesentlege negative merknader frå Riksrevisjonen.

Verksemdsmål 4.4

Høgskolen i Telemark skal medverke til at nasjonale kunnskapsressursar blir forvalta heilskapleg og til at oppgåver blir løyste og ansvar blir fordelt gjennom samarbeid.

- a) HiT reknar ikkje med å ha studietilbod i samarbeid med andre norske institusjonar (fellesgrader) i 2011.

3.2 Plan for tildelt løyving for 2011

HiT har arbeidd ut følgjande plan for disponering av tildelt løyving i 2011:

| Inntekter/utgifter | Beløp (1000 kr) |
|--------------------------------------|-----------------|
| Driftsinntekter | |
| Av dette løyvingsfinansiert verksemd | 524 940 |
| Av dette andre driftsinntekter | 36 579 |
| Av dette eksterntfinansiert verksemd | 26 000 |
| Sum driftsinntekter | 587 519 |
| | |
| Driftskostnader | |
| Av dette lønskostnader | 371 808 |
| Av dette husleige | 88 575 |
| Av dette andre driftskostnader | 131 136 |
| Sum driftskostnader | 591 519 |
| | |
| Driftsresultat BFV | - 4 000 |
| Driftsresultat BOA | 600 |

Løyvingsfinansiert verksemd består av kr 524 940 000 på kapittel 260, post 50.

Endringar i ramma frå 2010 til 2011 kjem fram slik:

- Det er lagt inn kr 15 322 000 i løns- og prisvekstkompensasjon.
- Høgare studiepoengproduksjon i 2009 enn i 2008 medfører at løyvinga er auka med kr 8 909 000.
- Gjennom den resultatbaserte FoU-komponenten, resultatbasert omfordeling (RBO) i det nasjonale finansieringssystemet, fekk HiT ein auke i ramma på kr 248 000 sett i høve til løyvinga i 2010.
- HiT har fått kr 3 475 000 i auka løyving som følgje av heilårsverknad for nye studieplassar gjevne i 2009, og kr 517 500 i auka løyving som følgje av halvårsverknad for nye studieplassar gjevne i 2011.
- Løyving til små driftsmidlar frå Noregs forskingsråd er lagde inn i ramma med kr 602 000.
- Innføring av det nye felles forskingsdokumentasjonssystemet CRISTIN førte til ein reduksjon i ramma på kr 70 000.
- Flytting av studieplassar frå kap. 281 til 260 var på kr 4 277 000.

Oppsummert tabellarisk kjem endringa i løyvinga frå 2010 til 2011 fram slik:

| Tekst | Beløp i kroner |
|--|-----------------------|
| Grunnløyving 2010 | 490 786 000 |
| Endringar 2010-2011: | |
| Løns- og prisvekstkompensasjon | 15 322 000 |
| Små driftsmidlar frå Forskingsrådet | 602 000 |
| Innføring av CRISTIN | - 70 000 |
| Flytting av studieplassar frå kap. 281 til 260 | 4 277 000 |
| Auka løyving studiepoeng | 8 909 000 |
| Auka løyving FoU-komponent (RBO) | 248 000 |
| Heilårsverknad nye studieplassar gjevne i 2009 | 4 230 000 |
| Halvårsverknad studieplassar gjevne i 2011 | 636 000 |
| Sum endringar 2010-2011 | 22 336 000 |
| Grunnløyving 2011 | 527 940 000 |

Disponering av tildelt løyving i 2011 går fram av følgjande tabell, fordelt på avdelingane, fellestenestene, fellestiltak, øyremerkte tiltak, utviklingstiltak og reservepost:

| Driftseiningar m.v. | Rammer |
|----------------------------|---------------|
| Avdelingar | |
| AF | 83 321 000 |
| EFL | 102 212 000 |
| HS | 53 584 000 |
| TF | 54 663 000 |
| Fellestenester | |
| BiB | 13 666 000 |
| DR | 123 917 000 |
| FA | 25 917 000 |
| IT | 16 370 000 |
| Fellestiltak | 20 627 000 |
| Øyremerka tiltak | 16 464 000 |
| Utviklingstiltak | 11 937 000 |
| Reservepost | 1 389 000 |
| Sum | 524 067 000 |

Ved fordelinga av budsjettet kanaliserte styret særskilde ressursar til desse større strategiske satsings- og utviklingstiltaka i 2011:

| Utviklingstiltak | | | Til fordeling |
|---|----|-----------|----------------------|
| Strategiske satsingstiltak | | | |
| <i>Universitetssatsing:</i> | | | kr 12 982 000 |
| Universitetsprosjektet | kr | 100 000 | |
| Doktorgradsstudium i helsefremjande arbeid | kr | 100 000 | |
| Doktorgradsstudium i kulturstudiar | kr | 1 600 000 | |
| Doktorgradsstudium i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk | kr | 7 785 000 | |
| Doktorgradsstudium i økologi | kr | 2 097 000 | |
| Mastergradsstudium i fleirkulturelt førebyggjande arbeid med barn og unge | kr | 800 000 | |
| Senter for omsorgsforskning - Sør | kr | 500 000 | |
| Kompetanseutvikling | | | |
| FoU-permisjon | | | kr 1 400 000 |
| Førstelektorprogram | | | kr 130 000 |
| Intern finansiering av doktorgradsutdanning | | | kr 248 000 |
| Kompetanseutviklingsplan | | | kr 400 000 |
| Studiepermisjon | | | kr 330 000 |
| Felles utviklingstiltak | | | |
| Desentralisert bibliotek Drammen | | | kr 297 000 |
| Disposisjonsbeløp for rektor/direktør | | | kr 300 000 |
| E-læring | | | kr 290 000 |
| Etter- og vidareutdanning | | | kr 0 |
| Internasjonalisering | | | kr 1 412 000 |
| Utgreiing UiA | | | kr 150 000 |
| Kina-samarbeidet | | | kr 250 000 |
| Kvalitetssikringssystem | | | kr 100 000 |
| Likestilling | | | kr 305 000 |
| Miljøpris | | | kr 5 000 |
| Seniorpolitikk | | | kr 480 000 |
| Seniorstipend | | | kr 255 000 |
| Stimuleringsmidlar for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet | | | kr 0 |
| Større utstyrsjøp og vedlikehald | | | kr 4 774 000 |
| Utbyggingsfond | | | kr 611 000 |
| Verkemidlar for regional FoU og innovasjon (VRI) | | | kr 0 |
| Sum utviklingstiltak | | | kr 24 719 000 |

Samla sett meiner høgskolen at løyvinga er disponert i samsvar med føringar og politiske styringssignal og med sikte på at planane for 2010, slik dei går fram i dette dokumentet, kan realiserast.

Vedlegg

- 1. Skjema for risikovurdering**
- 2. Evaluering av allmennlærerutdanninga ved Høgskolen i Telemark
- Oppfølgingsplan**
- 3. Evaluering av ingeniørutdanninga ved Høgskolen i Telemark
- Oppfølgingsplan**
- 4. Evaluering av førskolelærerutdanninga ved Høgskolen i Telemark
- Oppfølgingsplan**
- 5. Kartleggingskjema**



Risikovurdering utført på mål/tiltak: 1.0 Universitetssetninga

| Kritiske suksessfaktorar | Risikofaktorar | Sannsyn | Konse- kvens | Risiko | Kontrollrutinar | Tiltak |
|--|--|---------|-----------------|--------|-----------------|---|
| KSF # 1 | | 1 - 5 | 1 - 5 | | | |
| Oppslutning om finansieringsmodellen | For ambisiøs framdriftsplan | 4 | 3 | 12 | | Dialogkonferanse saman med TFK, kommunane og KS om vidare arbeid med finansiering |
| | Vedtekne vilkår for bidrag kan bli vanskelege å imøtekome | 4 | 4 | 16 | | |
| KSF # 2 | | | | | | |
| Ryddig og god utgreiings-, hørings- og avgjerdsprosess saman med UiA | For stram framdriftsplan | 4 | 3 | 12 | | Organisere prosjektet med styringsgruppe, sekretariat, referansegruppe etc. Opprette nettside. Etablere faggrupper. Gode planar for, og tett oppfølging av utgreiingsprosessen. Dialogkonferanse jf. første punkt |
| | For svak forankring internt og eksternt | 4 | 4 | 16 | | |
| | For svak fagleg kvalitet | 2 | 4 | 8 | | |
| KSF # 3 | | | | | | |
| Nye doktorgradsstudium/ mastergradsstudium | Økologi - Vanskeleg å rekruttere til ledige stipendiatstillingar | 1 | 4 | 4 | | |
| | Kulturstudier - Revidert søknad oppfyller ikkje krav til akkreditering | 3 | 4 | 12 | | |
| | Helse - HiT rekk ikkje å sende inn søknad om akkreditering i løpet av 2011 | 3 | 3 | 9 | | |
| | Nytt mastergradsstudium i pedagogikk med vekt på didaktikk og leing - Greier ikkje å rekruttere nødvendig kompetanse | 3 | 4 | 12 | | |
| | | | | | | |
| Intern omdisponering av midlar til universitet | For stram økonomi til tilstrekkelig omdisponering | 4 | 4 | 16 | | |
| | Manglande intern oppslutning | 3 | 4 | 12 | | Systematisk fokus på å auke inntektene og å redusere kostnadene |

Risikotoleranse: Målet om å bli universitet/etablere universitetsfunksjonar må justerast om enten a) eksternt finansiering sviktar og/eller b) fusjonsprosessen mellom HiT og UiA stoppar opp.



Risikovurdering utført på mål/tiltak:

1.1 a Studentrekruttering

| Kritiske suksessfaktorar | Risikofaktorar | Sann syn | Konse-kvens | Risiko | Kontrollrutinar | Tiltak |
|--------------------------------|---|----------|-------------|--------|--|--|
| KSF # 1 | | 1 - 5 | 1 - 5 | | | |
| Attraktive og relevante tilbod | For dårleg omstillingsevne | 2 | 4 | 8 | Årleg styresak om studieporteføljen. Evaluering gjennom kvalitetssikringssystemet. Trekke Utdanningsutvalet inn i den strategiske prosessen våren 2011 | Implementering av kvalifikasjonsrammeverket. Utvikle og forbetre innhald og bruk av kvalitetssikringssystema |
| | For svak og lite oppdatert fagkompetanse | 3 | 3 | 9 | Årleg gjennomgang av personalsituasjonen. Kvalitetssikring av bruken av sommarfullmakta. Kvalitetssikring i tilsetjingsorgana. Delen førstestillingar per studieprogram i den årlege kvalitetsrapporten. | Normalt rekruttere til førstestillingar. Setje inn kompetansehevingstiltak blant personale som arbeider med rekruttering og tilsetjing |
| | For dårleg kunnskap om endra etterspurnad i arbeidsmarknaden | 2 | 3 | 6 | Arbeid i fagråd. Kandidatundersøking ved AF | Utvide bruken av fagråd. Følgje opp kandidatundersøkingane |
| | For dårleg kunnskap om endra etterspurnad mellom potensielle søkjarar | 3 | 3 | 9 | Analyse av reell søkning | |
| KSF # 2 | | | | | | |
| God marknadsføring | For lite effektiv marknadsføring | 2 | 3 | 6 | Rekrutteringsgruppa evaluerer årleg | |
| | Treff ikkje målgruppene | 2 | 4 | 8 | Bli analysert kvart år i samarbeid med byrå | Evaluering av høgskolens heimeside særleg med omsyn til marknadsføring av studiestadene |
| KSF # 3 | | | | | | |
| Godt omdømme | For dårleg kvalitet i undervisninga | 2 | 5 | 10 | Stud.mag.-undersøkingar. Studentevaluering. Dialogmøte | Slutføre gjennomgang av høgskolens rutine for evaluering. Forbetring av handtering av avvik i kvalitetssikringssystemet. Gjennomføre kurs i høgskolepedagogikk. Innføring av kvalifikasjonsrammeverket |
| | For dårleg studentmiljø | 2 | 5 | 10 | Gjennomgang og kartlegging av tilstanden på studentkroa Elverhøy i Porsgrunn | Gjennomføre tiltak på bakgrunn av kartlegginga |
| | Dårlege eller utilstrekkelege lokale og utstyr | 2 | 4 | 8 | Røynsler gjennom romfordelinga | Leige BI-bygget. Vidareføre kurantprosjektet i Porsgrunn. Greie ut utbygging av kro/barnehage i Bø. |
| | For dårleg synleggjering av høgskolens kompetanse og verksemd | 2 | 4 | 8 | Rutinemessige innhaldsanalysar av t.d. Meltwater | Drøfting og oppfølging i leiargruppa |

Risikotoleranse: Risikofaktorane knytte til dette feltet er ikkje av akutt karakter (ingen raude felt).



Risikovurdering utført på mål/tiltak:

1.2 a, c, d, e Studiepoeng- og kandidatproduksjon

| Kritiske suksessfaktorer | Risikofaktorer | Sannsyn | Konse-kvens | Risiko | Kontrollrutinar | Tiltak |
|------------------------------|--|--------------|--------------|----------|--|--|
| KSF # 1 | KSF # 1 | 1 - 5 | 1 - 5 | | | |
| Inntakskvalitet | For dårleg søkning og for lågt studenttal | 2 | 4 | 8 | Sjå risikovurdering knytt til verksemdsmål 1.1 | Vurderast for kvart fagområde. Oppfølging av handlingsplanar for lærarutdanning, ingeniørutdanning og førskolelærarutdanning som følgje av NOKUTs evaluering |
| | For svake forkunnskapar | | | 0 | | |
| KSF # 2 | KSF # 2 | | | | | |
| Programkvalitet | For dårlege studie- og fagplanar, fagleg og pedagogisk | 1 | 4 | 4 | Kvalitetssikringssystem. Evalueringar | |
| | Svikt i forvaltning, organisering, planlegging og gjennomføring av studieprogramma | 1 | 5 | 5 | Som over | |
| KSF # 3 | KSF # 3 | | | | | |
| Undervisningskvalitet | Sviktande kvalitet på undervisning og rettleiing, og lite effektive pedagogiske metodar | 1 | 5 | 5 | Som over | Vidareutvikle kvalitetssikringssystemet, og særleg handteringa av avvik. Høgskolepedagogikk |
| | Lite tenlege vurderingsformer | 2 | 2 | 4 | | Implementering av dataverktøy for plagiattkontroll |
| KSF # 4 | KSF # 4 | | | | | |
| Rammekvalitet | Lite tenleg fysisk infrastruktur (lokale og utstyr) | 2 | 3 | 6 | Røynslar gjennom romfordelinga | Styrking av tilgangen på lokale i Porsgrunn |
| | Sviktande støttetenester (bibliotek, IT, studierettleiing) | 1 | 4 | 4 | | |
| | Sviktande service og informasjon til studentar | 3 | 3 | 9 | | Etablering av servicetorg i Bø og Porsgrunn |
| | Manglande velferdstiltak | 1 | 3 | 3 | | |
| KSF # 5 | KSF # 5 | | | | | |
| Systemkvalitet | Lite tenleg organisering av styring og leiing med tanke på å følgje opp studiekvalitet | 2 | 4 | 8 | | |
| | Sviktande medverknad frå studentane | 3 | 2 | 6 | | |
| | Manglar i kvalitetssikrings- og avvikssystem, evalueringar og oppfølging | 2 | 4 | 8 | NOKUTs rapport etter evaluering av kvalitetssikringssystemet | Sjå oppfølgingsplan for NOKUTs evaluering av HiTs kvalitetssikringssystem |
| KSF # 6 | KSF # 6 | | | | | |
| Læringskvalitet | Svak motivasjon og sviktande læringsarbeid hjå studentane | 2 | 4 | 8 | | |

Risikotoleranse: Risikofaktorane knytte til dette feltet er ikkje av akutt karakter (ingen raude felt).



Høgskolen i Telemark

Risikovurdering utført på mål/tiltak:

1.3 a, b d Internasjonalisering

| Kritiske suksessfaktorar | Risikofaktorar | Sannsyn 1 - 5 | Konsekvens 1 - 5 | Risiko | Kontrollrutinar | Tiltak |
|--|--|------------------|---------------------|--------|---|--|
| KSF # 1 | | | | | | |
| God tilrettelegging for studentutveksling | For dårleg tilpassing i studie- og fagplanar | 2 | 4 | 8 | Rapportering. Årleg oppdatering av studie- og fagplanar | Ny mal for studie- og fagplanar med faste punkt for skildring av internasjonisering |
| | For lite tilpassa informasjon til studentane | 3 | 4 | 12 | | Særskilde tiltak innanfor studierettleiing - ved avdelingane |
| KSF # 2 | | | | | | |
| God tilrettelegging for utveksling av lærarar (fagleg tilsette) i minimum 1 måned | For lite tilgjengelege ressursar | 5 | 3 | 15 | Budsjettfordelinga | Leggje planar for instituttvise utvekslingar. Søkje meir eksterne midlar |
| | For svak motivasjon | 3 | 4 | 12 | Medarbeidarsamtalar | Tema i utviklingssamtalar for medarbeidarar (takast inn i malen) |
| KSF # 3 | | | | | | |
| Ressursinnsats og interesse for framandspråklege tilbod | Sviktande økonomi | 2 | 4 | 8 | Budsjett | Kost - nytte analysar i samband med årleg gjennomgang av studieporteføljen |
| | Svak rekruttering | 2 | 5 | 10 | Registrerte studentar | Aktiv bruk av internasjonale nettverk og generell marknadsføring |
| | Manglande motivasjon og kompetanse hjå personalet | 4 | 4 | 16 | Medarbeidarsamtalar | Språkkurs og språktrening. Utanlandsopphald over 1 måned. Deltaking i internasjonale fagnettverk |

Risikotoleranse: Det vil ikkje vere mogleg å få til utanlandsopphald på ein måned eller lenger dersom ikkje ekstrakostnadene ved utanlandsopphaldet blir dekte. Det vil ikkje vere mogleg å få til fleire framandspråklege tilbod dersom ikkje dei tilsette har tilstrekkeleg kompetanse til å undervise på eit framandt språk.



Høgskolen i Telemark

Risikovurdering utført på mål/tiltak:

2.1 Forskarutdanning

| Kritiske suksessfaktorar | Risikofaktorar | Samnsyn 1 - 5 | Konsekvens 1 - 5 | Risiko | Kontrollrutinar | Tiltak |
|---|---|------------------|---------------------|--------|----------------------|--|
| KSF # 1 | | | | | | |
| God tilgang på stipendiatar i egne PhD-program | Sviktande finansiering | 2 | 4 | 8 | | Tiltak for ekstern finansiering (sjå FoU-strategi) |
| | For liten rettleiarkapasitet | 1 | 3 | 3 | Arbeidsplanar | Samarbeid med UiA. Delta i forskarskolar |
| | For svak rekruttering av kandidatar | 2 | 5 | 10 | | |
| KSF # 2 | | | | | | |
| God tilgang på stipendiatar i program i regi av andre | Sviktande finansiering | 3 | 4 | 12 | | Tiltak for ekstern finansiering (sjå FoU-strategi) |
| | For liten rettleiarkapasitet | 2 | 5 | 10 | | |
| | For svak rekruttering av kandidatar | 2 | 5 | 10 | | |
| | Manglande godkjenning av avtale med akkreditert institusjon | 1 | 5 | 5 | | |
| KSF # 3 | | | | | | |
| Gode vilkår for gjennomstrøyming | For dårleg rettleiarkompetanse | 2 | 4 | 8 | | Samarbeid med UiA. Delta i forskarskolar |
| | For svak inntakskvalitet | 2 | 4 | 8 | | |
| | For dårlege planar for oppfølging | 2 | 4 | 8 | Løpande rapportering | Standardiserte rutinar for planar og oppfølging |

Risikotoleranse: Risikofaktorane knytte til dette feltet er ikkje av akutt karakter (ingen raude felt).



Risikovurdering utført på mål/tiltak:

2.4 a, d, e FoU-produksjon

| Kritiske suksessfaktorar | Risikofaktorar | Sannsyn | Konsekvens | Risiko | Kontrollrutinar | Tiltak |
|---|---|---------|------------|--------|---|---|
| KSF # 1 | | 1 - 5 | 1 - 5 | | | |
| Kompetanse | For få tilsette med førstestillingskompetanse | 3 | 4 | 12 | Årleg gjennomgang av personalsituasjonen. | Sjå tiltak under 4.2 |
| | Klarar ikkje å rekruttere og halde på forskingskompetent personale | 3 | 4 | 12 | Som over. Overvake turnover | Sjå tiltak under 4.2 |
| KSF # 2 | | | | | | |
| Forskningstid | Sviktande total ressurstiltang til høgskolen | 2 | 4 | 8 | Budsjettprosessen | Iverksetje vedtatte strategiar for å auke NFR-tildelingar og EFV |
| | Nedprioritering av midlar til FoU | 2 | 4 | 8 | Budsjettfordelinga på institusjons- og avdelingsnivå. Årleg rapportering av aggregerte tal frå arbeidsplanane | Vurdere innføring av nytt arbeidsplanverktøy. Oppbygging av doktorgradsområde |
| | For lite differensiering i fordelinga av tid til FoU på arbeidsplassane | 3 | 3 | 9 | Arbeidsplanprosessane | Aktiv oppfølging av styrevedtaket om å leggje vekt på tidlegare FoU-produksjon ved tildeling av FoU-tid |
| KSF # 3 | | | | | | |
| Organisering og forskingsleiing | Lite målretta strategi og prioritering på institusjonsnivå | 2 | 4 | 8 | Årleg plan- og rapportarbeid | |
| | Svak oppfølging og støtte frå institusjonsnivå | 3 | 3 | 9 | | Regelmessig drøfting av FoU-saker i leiarmøta |
| KSF # 4 | | | | | | |
| Vitskapleg utstyr og infrastruktur | For lite tilgang på vitskapleg utstyr | 3 | 3 | 9 | Budsjettprosessen | Vurdering i samband med revidert budsjett |
| | For dårlege lokale | 1 | 4 | 4 | | |
| | For dårlege IT-tenester | 1 | 4 | 4 | | |
| | For dårlege bibliotektenester | 1 | 4 | 4 | | |

Risikotoleranse: Risikofaktorane knytte til dette feltet er ikkje av akutt karakter (ingen raude felt).



Risikovurdering utført på mål/tiltak:

3.2. a, d, e Bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd

| Kritiske suksessfaktorar | Risikofaktorar | Sannsyn | Konse-kvens | Risiko | Kontrollrutinar | Tiltak |
|-------------------------------|---|---------|-------------|--------|-----------------|---|
| KSF # 1 | | 1 - 5 | 1 - 5 | | | |
| Kompetanse | For svak prosjektkompetanse | 3 | 3 | 9 | | Setje i verk kompetanseheving innan prosjektstyring og prosjektmetodikk. Innføre nytt prosjektstyringsverktøy. Arbeide ut felles malar |
| | For liten kunnskap om, og kontakt med marknaden | 2 | 5 | 10 | | Følgje opp avtalane med randsoneinstitusjonane. Byggje nettverk. Utarbeide skreddarsydde strategiar mot ulike delar av marknaden. Avdelingane følgjer systematisk opp moglegheitene i Doffin m.v. |
| | For svak søkje- og akkvisisjonskompetanse | 4 | 4 | 16 | | Byggje opp søjkekompetansen både på institusjons- og avdelingsnivå. Minst ein person frå institusjonsnivået bidrar fast i søknadsprosessane på avdelingsnivået. Etablere skrivegrupper i søknadsprosessane |
| KSF # 2 | | | | | | |
| Organisering og leiing | For lite leiarfokus, uklar strategi og prioritering | 3 | 4 | 12 | | Vidareutvikle 5-års-plan med årlege mål for omsetnad for kvar avdeling. Planen skal arbeidast ut av avdelingane og studieseksjonen i samarbeid. Studieseksjonen initierer og koordinerer arbeidet. Følgje opp årleg mål (krav) til ekstern finansiering i leiarmøte i juni og oktober på bakgrunn av tal i kvartalsrapportane. |
| | Uklare ansvarstilhøve internt | 3 | 3 | 9 | | Avklare og tydeliggjere ansvar både på sentralt og lokalt nivå |
| | Fulle arbeidsplanar | 2 | 4 | 8 | | Bruk av oppdragsstillingar. Auka stillingsramme innan fagområde som har stort omfang av eksterne oppdrag. Utlyse faste stillingar for BOV. |

Risikotoleranse: Risikofaktoren "For svak søkje- og akkvisisjonskompetanse" kjem fram som raud. Basert på avdelingane sine faktiske inntekter frå eksisterande prosjekt i 2011 og planlagte/forventa inntekter i 2011, trur likevel HiT ein kan nå måлтаlet. HiT ligg svært lågt på dette området sett i høve til samanliknbare institusjonar i sektoren, og tiltak bør likevel setjast i verk både for å redusere risikoen for ikkje å nå måлтаlet i 2011 og ikkje minst for å auke inntektene både i 2011 og i komande år ut over måлтаlet.



Risikovurdering utført på mål/tiltak:

4.2.a Kompetanse

| Kritiske suksessfaktorar | Risikofaktorar | Sannsyn | Konse-kvens | Risiko | Kontrollrutinar | Tiltak |
|---|--|---------|-------------|--------|---|---------------------------------------|
| KSF # 1 | | 1 - 5 | 1 - 5 | | | |
| Rekruttere nytt personale | Få få søkjarar med første- stillingskompetanse | 3 | 4 | 12 | Halde oversyn over kompetansesituasjonen, spesielt på dr.gradsområda (DBH og S-saker) | Vurdere omgjerjing av stillingar |
| | Manglande innfriing av NOKUTs kompetansekrav | 3 | 5 | 15 | Halde oversyn over kompetansesituasjonen, spesielt på dr.gradsområda (DBH og S-saker), men også på bachelor- og mastergradsområda | Ta leitekomitear systematisk i bruk |
| KSF # 2 | | | | | | |
| Behalde kompetent personale | Høg gjennomsnittsalder | 4 | 4 | 16 | Halde oversyn over alderssamansetjinga | Utarbeide karriere-/erstatningsplanar |
| | | | | | | Rekruttere yngre medarbeidarar |
| | | | | | | Vurdere rekrutteringsstillingar |
| | Små, sårbare fagmiljø og konkurranse frå omliggande universitet og næringslivet | 3 | 4 | 12 | Halde oversyn over FoU-produksjonen | Gjennomgå avtaleporteføljen jamleg |
| Etablere faglege nettverk | | | | | | |
| Inngå avtalar med solide, velrenommerte samarbeidspartnarar | | | | | | |
| | | | | | Byggje opp kompetansesenter/-funksjonar | |

Risikotoleranse: Manglande innfriing av NOKUTs kompetansekrav er ikkje akseptabelt over tid. Det må vurderast om interne ordningar for kompetanseopprykk og rekrutteringspolitikken for første- og toppstillingar bør justerast for å møte denne utfordringa betre.

Alderssamansetjinga innan nokre av HiTs sentrale fagområde er i dag ikkje tilfredsstillande. Det må vurderast ulike tiltak, t.d. erstatningsplanar, som kan medverke til å sikre dei aktuelle fagområda naudsynt kompetanse over tid.



Risikovurdering utført på mål/tiltak:

Verksemdsmål 4.3 b Avrekningar

| Kritiske suksessfaktorar | Risikofaktorar | Sannsyn | Konsekvens | Risiko | Kontrollrutinar | Tiltak |
|--------------------------|--|---------|------------|--------|--|---|
| KSF # 1 | | 1 - 5 | 1 - 5 | | | |
| Budsjettering | Budsjetta er ikkje lagde inn pr. 1. januar 2011 | 4 | 2 | 8 | Økonomiseksjonen kontrollerer at tildelingane er lagde inn | Kontroll av innlagde budsjett pr. 1. februar 2011 |
| | Budsjetta for endra tildelingar ıla året blir ikkje lagde inn snarast mogleg etter endring | 4 | 2 | 8 | Økonomiseksjonen kontrollerer at tildelingane er lagde inn | Fastsetjing av frist på 10 dagar frå mottak av tildelingsbrev for 2011. Kontroll ved tertialrapportering |
| | Budsjetta er for lite gjennomarbeidde | 2 | 4 | 8 | Økonomiseksjonen kontrollerer at tildelingane er tilstrekkeleg gjennomarbeidde | Kontroll av avvik mellom budsjett og rekneskap ved tertialrapportering |
| KSF # 2 | | | | | | |
| Oppfølging av budsjetta | Avvik blir ikkje oppdaga | 1 | 5 | 5 | | Tilrådd prosedyre gitt i tildelingsbrev for 2011 |
| | Avvik blir ikkje følgde opp med tiltak | 2 | 5 | 10 | Kontroll ved tertialrapportering | Tilrådd prosedyre gitt i tildelingsbrev for 2011 |
| | Prognostisering pr. 31.12 er for dårleg | 3 | 5 | 15 | Kontroll ved tertialrapportering | Økonomiseksjonen gjennomfører møte med driftseiningar som har eit vesentleg avvik mellom prognose og endeleg årsresultat pr. 31.12.10 |

Risikotoleranse: Risikofaktoren "Prognostisering pr. 31.12. er for dårleg" kjem fram som raud. Den største risikoen synest å vere at HiT får tilført eksterne midlar basert på søknader i 2. halvår. Dette vil kunne auke mindreforbruket. Risikoen blir rekna for å vere akseptabel.



Høgskolen i Telemark

Risikokart

| | | | | | | |
|----------------------|-----------------|-----------------|-----------|-------------|----------|----------------|
| Sannsynlighet | Svært stor (5) | | | | | |
| | Stor (4) | | | | | |
| | Moderat (3) | | | | | |
| | Liten (2) | | | | | |
| | Svært liten (1) | | | | | |
| | | Svært liten (1) | Liten (2) | Moderat (3) | Stor (4) | Svært stor (5) |
| Konsekvens | | | | | | |

Risiko

 Høy

 Moderat

 Lav



TENTATIVE DEFINISJONER

| | Sannsynlighet | Kan forstås slik.. |
|-----|---------------|--|
| S=5 | svært stor | Det er overhengende fare for at det inntreffer. |
| S=4 | stor | Det er klar sannsynlighetsovervekt for at det skjer. |
| S=3 | moderat | Det er omtrent like sannsynlig at det skjer som at det ikke skjer. |
| S=2 | liten | Det er klart mest sannsynlig at det ikke inntreffer. |
| S=1 | svært liten | Det er forsvinnende liten fare for at det inntreffer. |

| | Konsekvens | Kan forstås slik... |
|-----|-------------|--|
| K=5 | svært stor | Katastrofal. Vil medføre at målet ikke blir nådd, hvis ikke tiltak iverksettes straks. |
| K=4 | stor | Alvorlig. Setter måloppnåelsen i fare - men det er fortsatt håp dersom nødvendige tiltak iverksettes. |
| K=3 | moderat | Betydelig. Et reelt problem som må håndteres - men det lar seg trolig gjøre. |
| K=2 | liten | Merkbar. En merkbar hindring, men ikke avgjørende for måloppnåelsen. |
| K=1 | svært liten | Ubetydelig. En liten strek i regninga, men truer ikke måloppnåelsen. |

| S * K = Risiko | | Kan forstås slik... |
|----------------|-----------------|--|
| 15-25 | Høy til kritisk | Fra "Det er fare på ferde" til "Det ser håpløst ut" |
| 4-12 | Moderat | Fra "Det er noen mindre hindringer" til "Det er betydelige vansker" |
| 1-4 | Lav | "Dette går på skinner - "Det ser ut til å gå greit". |
| Risiko | | Behov for tiltak |
| 15-25 | Høy til kritisk | Det er absolutt nødvendig å sette i verk tiltak som kan få risikoen ned. Alternativt må målet endres, utsettes eller oppgis. |
| 4-12 | Moderat | Det bør settes i verk nye tiltak, eller innsatsen må intensiveres. I så fall er det godt mulig å nå målet. |
| 1-4 | Lav | Det er neppe behov for nye tiltak - men vi følger med på utviklinga. |



Høgskolen i Telemark
TENTATIVE DEFINISJONER

| | Sannsynlighet |
|-----|----------------------|
| S=5 | svært stor |
| S=4 | stor |
| S=3 | moderat |
| S=2 | liten |
| S=1 | svært liten |
| | |
| | Konsekvens |
| K=5 | svært stor |
| K=4 | stor |
| K=3 | moderat |
| K=2 | liten |
| K=1 | svært liten |

| | |
|---------|-----------------|
| S * K = | Risiko |
| 11-25 | Høy til kritisk |
| 5-10 | Moderat |
| 1-4 | Lav |

| | |
|---------------|-----------------|
| Risiko | |
| 11-25 | Høy til kritisk |
| 5-10 | Moderat |
| 1-4 | Lav |

Kan forstås slik..

Det er overhengende fare for at det inntreffer.

Det er klar sannsynlighetsovervekt for at det skjer.

Det er omtrent like sannsynlig at det skjer som at det ikke skjer.

Det er klart mest sannsynlig at det ikke inntreffer.

Det er forsvinnende liten fare for at det inntreffer.

Kan forstås slik...

Katastrofal. Vil medføre at målet ikke blir nådd, hvis ikke tiltak iverksettes straks.

Alvorlig. Setter måloppnåelsen i fare - men det er fortsatt håp dersom nødvendige tiltak iverksettes.

Betydelig. Et reelt problem som må håndteres - men det lar seg trolig gjøre.

Merkbar. En merkbar hindring, men ikke avgjørende for måloppnåelsen.

Ubetydelig. En liten strek i regninga, men truer ikke måloppnåelsen.

Kan forstås slik...

Fra "Det er fare på ferde" til "Det ser håpløst ut"

Fra "Det er noen mindre hindringer" til "Det er betydelige vansker"

"Dette går på skinner - "Det ser ut til å gå greit".

Behov for tiltak

Det er absolutt nødvendig å sette i verk tiltak som kan få risikoen ned.
Alternativt må målet endres, utsettes eller oppgis.

Det bør settes i verk nye tiltak, eller innsatsen må intensiveres.
I så fall er det godt mulig å nå målet.

Det er neppe behov for nye tiltak - men vi følger med
på utviklinga.



Høgskolen i Telemark

Vedlegg 2

**Evaluering av allmennlærerutdanningen ved
Høgskolen i Telemark – Oppfølgingsplan
Status pr. 15.01.11**



Innledning

Hovedutfordringene i NOKUT- rapporten høsten 2006 kan formuleres slik:

- Tydeligere ledelse i allmennlærerutdanningen
- Tydeligere profesjonsretting
- Klarere forventninger og krav til studentenes arbeid
- Gjennomgang av innhold og organisering av pedagogikkfaget
- Videreutvikling av fagdidaktisk profil i enkeltfag
- Integrasjon av fagstudier, fagdidaktikk, pedagogikk og praksis
- Mer praksisnær og forskningsbasert utdanning
- Drøfting av hva fagdidaktikk, profesjonsretting og praksisnærhet betyr

Avdeling for estetiske fag, folkekultur og lærerutdanning (EFL) har fom studieåret 2006/2007 arbeidet med disse spørsmålene, som er sammensatte og griper inn i hverandre. På sett og vis er utfordringene del av studieprogrammets naturlige drift, som i 2010 i stor utstrekning har falt sammen med iverksetting av ny grunnskolelærerutdanning (GLU) 1-7 og 5-10 fra august 2010.

Rapporten følger punktmarkering i Oppfølgingsplanen vedtatt av styret for Høgskolen i Telemark (HiT) 22.02.2007 med vedtatte frister, og er delt i del A - tiltak knyttet til hovedrapporten og del B – tiltak knyttet til institusjonsrapporten.



Del A - Hovedrapporten

1.1

Tiltak: Rammeplanens kompetanseområder bør inkluderes og konkretiseres i institusjonens utdanningsprogram.

Frist: 01.03.07.

Status: Tiltaket er delvis utført og vises i årlige fagplanrevisjoner, sist i desember 2010. Rammeplan er avløst av nasjonale retningslinjer for grunnskolelærerutdanning 1-7 og 5-10. Kompetanseområder dekkes både av undervisningsforlagt aktivitet i praksisskolen og på høgskolen.

1.2

Tiltak: Forskingstilknyttingen i utdanningen bør styrkes og knyttes sterkere til grunnskolens erfaringsområder (2 tiltak).

Frist: Løpende.

Status: Tiltak 1, som prioriterer FoU-aktivitet knyttet til praksis, er utført. Tiltak 2, som omhandler mer ressurser til administrativ og faglig oppfølging av FoU-arbeid, er gjennomført i studieåret 2009/2010 ved at hvert institutt har pekt ut FoU-ansvarlig koordinatore. Frikjøp/tilsetting av FoU-koordinator i 50 % stilling er ikke effektivert. Eget FoU-utvalg ivaretar funksjonen.

2.1

Tiltak: EFL skal innføre et tettere oppfølgingssystem av studenter gjennom tiltak i prosjektene 60+ og i Skolebasert lærerutdanning (2 tiltak).

Frist: 15.08.07.

Status: Skolebasert lærerutdanning begynte studieåret 2007/2008 og er avslutta 2008/2009. Tettere oppfølging skjer gjennom oppfølging av kontaktlærer, og er videreført i ny GLU.

2.2

Tiltak: Innføring av læringssamtaler.

Frist: Oppstart innen 31.12.07.

Status: EFL har gjennomført læringssamtaler i studieåret 2008/2009 i enkeltfag og har etablert kontaktlæreropplegg i alle fag- og emnegrupper. Dette har fortsatt 09/10.

2.3

Tiltak: Etablere eksterne kontakter når det gjelder bruk av karakterer.

Frist: 01.08.08.

Status: Gjennomført. EFL nytter karakterpaneler organisert av UHR og viderefører eksternt sensurprogram.

2.4

Tiltak: Endre internt eksamensreglement med strengere krav til studieprogresjon.

Frist: Innført.

Status: Internt eksamensreglement er revidert og strengere krav til studieprogresjon er gjennomført. Tydeligere arbeidskrav er gjennomført i semesterplanene fom høsten 2007 og fortsatte studieåret 2009/2010. 30 sp valgfag går over to semester fom studieåret 2009/2010 med kreditering av 15 sp ved eksamen eller arbeidskrav ved halvått studieløp.

3.1

Tiltak: Kompetansehevingstiltak for å øke kvalifisering til førstestillinger.

Frist: 31.12.07.

Status: Ordningen med tildeling av veiledningsressurser for kvalifisering til førstelektor har vært videreført i 2010.



4.1

Tiltak: Utvikle fungerende samarbeidsstrukturer mellom fagavdelinger, fagansatte og øvingslærere (2 tiltak).

Frist: Igangsatt.

Status: Tiltak 1, som er prosjektet Skolebasert lærerutdanning, er avslutta som pilot ved starten av studieåret 2009/2010. Tiltak 2, som er Helproff-prosjektet, er avvikla våren 2007 og videreført i prosjektet Likeverdig samarbeid studieåret 2009/2010.

4.2

Tiltak: Praksis bør bli et felles ansvar mellom utdanningen og praksisskolene.

Frist: Igangsatt (se pkt 4.1).

Status: Praksis var et satsingsområde i prosjektene Skolebasert lærerutdanning og Likeverdig samarbeid, der felles ansvar og rolleavklaring mellom studieprogram ved høyskolen og aktivitet på praksisskole er et nøkkelement. Ny grunnskolelærerutdanning fom høsten 2010 forskriftfester grunnskolens rolle i praksisopplæringa. Arbeidet pågår.

